

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 311



MEIERIBRUKET
I NOREG
1956

Norway's Dairy Industry 1956

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1958

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI

Norway's Official Statistics, series XI

Rekkje XI

Prenta 1957

- Nr. 266 Forsikringsselskaper 1955 *Sociétés d'assurances*
- 267 Kriminalstatistikk 1955 *Criminal statistics*
- 268 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1956 *Population in rural districts and towns*
- 269 Norges jernbaner 1953—54 *Chemins de fer norvégiens*
- 270 Veterinærvesenet 1954 *Service vétérinaire*
- 271 Folketellingen 1. desember 1950 V Barnetallet i norske ekteskap *Population census December 1, 1950 V Fertility of marriages*
- 272 Sinnssykehusenes virksomhet 1955 *Hospitals for mental disease*
- 273 Norges elektrisitetsverker 1955 *Electricity plants*
- 274 Husholdningsregnskaper for jordbruksfamilier 1954 *Family budgets for farmers' families*
- 275 Norges fiskerier 1955 *Fishery statistics of Norway*
- 276 Jordbruksstatistikk 1956 *Agricultural statistics*
- 277 Norges kommunale finanser 1952—53 til 1954—55 *Municipal finances*
- 278 Norges industri 1955 *Industrial production statistics*
- 279 Statistisk årbok 1957 *Statistical yearbook of Norway*
- 280 Norges handel 1956 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
- 281 Kredittmarkedstatistikk 1955 *Credit market statistics*
- 282 Folkemengdens bevegelse 1955 *Vital statistics and migration statistics*
- 283 Alkoholstatistikk 1956 *Alcohol statistics*
- 284 Husholdningsregnskaper for alderstrygdede mai 1955—april 1956 *Family budgets for old age pensioners*

Rekkje XI

Prenta 1958

- Nr. 285 Økonomisk utsyn over året 1957 *Economic survey*
- 286 Skogavirkning 1952—53 til 1954—55 *Roundwood cut*
- 287 Bedriftstelling i Norge 24. april 1953 II Varehandel *Census of establishments April 24, 1953 II Wholesale and retail trade*
- 288 Lønnsstatistikk 1955 og 1956 *Wage statistics*
- 289 Meieribruk i Noreg 1955 *Norway's dairy industry*
- 290 Syketrygden 1954 *Health insurance*
- 291 Veterinærvesenet 1955 *Service vétérinaire*
- 292 Norges jernbaner 1954—55 *Chemins de fer norvégiens*
- 293 Norges fiskerier 1956 *Fishery statistics of Norway*
- 294 Norges bergverksdrift 1956 *Norway's mining industry*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 311



M E I E R I B R U K E T
I N O R E G
1956

Norway's Dairy Industry 1956

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1958

U t k o m e n f ø r :

Statistik angaaende det norske Jordbrug 1871—1875 og Jordbruk og fedrift 1876—1885, 1886—1890, 1891—1895, 1896—1900, 1901—1905, 1906—1910, 1911—1915 og 1916—1920.

Meieribruket i Norge 1925 VIII nr. 31, 1926 VIII nr. 58, 1927 VIII nr. 83, 1928 VIII nr. 117, 1929 VIII nr. 152, 1930 VIII nr. 179, 1931 IX nr. 6, 1932 IX nr. 28, 1933 IX nr. 50, 1934 IX nr. 72, 1935 IX nr. 98, 1936 IX nr. 124, 1937 IX nr. 150, 1938 IX nr. 180, 1939 X nr. 6, 1940 X nr. 31, 1941 X nr. 57, 1942 X nr. 82, 1943 X nr. 90, 1944 X nr. 110, 1945 X nr. 138, 1946 X nr. 153, 1947 X nr. 173, 1948 XI nr. 12, 1949 XI nr. 45.

Meieribruket i Noreg 1950 XI nr. 94, 1951 XI nr. 121, 1952 XI nr. 181, 1953 XI nr. 218, 1954 XI nr. 239, 1955 XI nr. 289.

Føreord

Statistikken over meieridrifta i Noreg byggjer på årsoppgåver som er innhenta beinveges frå kvart einskilt meieri.

Fyrste meldinga om dette: «Meieribruket i Norge 1925» N.O.S. VIII. 31. har i innleiinga på side 2 eit oversyn over tidlegare meieristatistikk og ei utgreiing om kva som var gjort for å byggja ut denne statistikken. Seinare har ein i kvar årgang sagt frå om endringar i skjemaet.

Gjeldande offentlege vedtak som vedkjem meieridrifta, anten produksjon eller prisar, har ein så langt råd er nemnt i dei einskilde årgangane og under dei bokane der vedtaka naturleg høyrer til.

Årsskjemaet for 1956 er det same som for 1955 og statistikken er utarbeidd på same måten. Oppgåvene over investeringane er som før.

Det er innhenta nye oppgåver over parts- og realkapital og det maskinelle utstyr ved utgangen av 1956.

Oversynet er utarbeidd av sekretær Sigurd Lianes.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 20. februar 1958.

Petter Jakob Bjerve

Arne L. Aaseth



Innhald

	Side
O v e r s y n .	
I. Det statistiske materialet	9
II. Omfanget av meieridrifta, vanlege driftsvilkår og driftsresultat	9
1. Meieria og kvar dei ligg	9
2. Leverandørar og parthavarar ved meieria og talet på mjølkeyr og mjølkegeiter hos dei	10
3. Personale og driftstid ved meieria	11
4. Innvegen mjølkemengd og retur av skumamjølk og myse m. v.	12
5. Feittinnhaldet i mjølka. Reduktaseprøver. Oppgjer. Inndeling av meieria etter storleik	13
6. Produksjon av smør, ost og mysost	14
7. Sal av mjølk og fløyte til konsum	16
8. Mjølk nyttå i industrien	16
9. Mjølkomsetnad utanom meieria	17
10. Mjølkemengda fordelt etter måten mjølka er nyttå på	19
11. Dei økonomiske resultata	19
a) Prisar	19
b) Statstilskota til mjølkeproduksjonen	20
c) Driftsresultatet	22
Bruttovinning	23
Driftsutgifter	23
Nettovinning	25
12. Meieria grupperte etter produksjon	29
III. Driftsforma ved dei einskilde meieria	30
1. Mjøkesalsmeieri	31
2. Samlestasjonar	32
3. Smer- og fløytemeieri	32
4. Sætermeieri	33
5. Mysostkokeri	33
6. Gamalostysteri	34
7. Meieri med blanda drift	35
a) Meieri med meir enn 50 % mjøkesal	35
b) Meieri med 25 til 50 % mjøkesal	35
c) Meieri med mindre enn 25 % mjøkesal	36
8. Hovudtal for produksjonsgruppene	36
IV. Investerigar	38
V. Partsakapital og realkapital ved utgangen av 1956	39
VI. Det maskinelle utstyret ved utgangen av 1956	41
VII. Samla produksjon av kumjølk og geitemjølk	50
Samandrag på engelsk	51

T a b e l l a r .

I. Meieria delte etter produksjonsgrupper	54
II. Meieria, kvar dei ligg, tida dei var i drift, mjølkemengd og personar pr. meieri	55
III. Personale i 1956	56
IV. Innvegen mjølk frå eigne leverandørar og frå andre meieri	57
V. Retur, oppføring og sal av skumamjølk, saup og myse	58
VI. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer. Meieria etter innvegen mjølkemengd	59
VII. Talet på reduktaseprøver etter skilde klasser	60

	Side
VIII. Produksjon av smør, ost og mysost	61
IX. Sal av mjølk og fløyte til konsum	63
X. Mjølk og fløyte nytta i industrien	64
XI. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning i 1956	65
XII. Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane i 1956	66
XIII. Nettovinning av meieridrifta, utbetalte leverandørane m. v. i 1956	68
XIV. Kor stor del av mjølka som er seld som heilmjølk og fløyte, retur av skumamjølk og økonomisk resultat av drifta for kvart einskilt meieri i 1956	70
XV. Utgifter til utstyr av alle slag, hus, byggjearbeid o. a. i 1956	80
XVI. Utgifter til veiling i 1956	82
XVII. Partskapital og realkapital ved utgangen av 1956	83
XVIII. Damp- og varmeverk, elektromotorar og kjøleanlegg ved utgangen av 1956 og forbruk av brensel og elektrisitet i 1956	84
XIX. Transportmiddel ved utgangen av 1956 og forbruk av drivstoff i 1956	86
XX. Meierimaskinar ved utgangen av 1956	88
 Vedlegg 1	 97
Vedlegg 2	105

Contents

	Page
General survey.	
I. Source for statistical data	9
II. General survey of the dairy industry	9
1. Dairies and their location	9
2. Number of suppliers, partners, milk cows and milk goats	10
3. Number of employees and periods of operation	11
4. Volume of milk weighed in and volume of skimmed milk and whey returned to producers	12
5. Fat content of milk, tests of reductase, basis of payment to producers and classification of dairies by volume of milk weighed in	13
6. Production of butter, cheese and whey cheese	14
7. Sale of milk and <i>cream</i> by dairies to consumers	16
8. Milk consumption in food manufacturing industries	16
9. Sale of milk directly from producers to consumers	17
10. Utilization of milk	19
11. Economic conditions	19
a) Prices	19
b) Government subsidies on milk	20
c) General operating results	22
Gross income	23
Operating expenses	23
Net income	25
12. Dairies grouped by principal type of dairy products	29
III. Survey of special types of dairies	30
1. Dairies selling milk	31
2. Milk receiving stations	32
3. Dairies producing butter	32
4. Dairies getting all their milk from mountain dairy farms	33
5. Dairies producing whey cheese	33
6. Dairies producing «gamalost» (old Norwegian cheese)	34
7. Dairies producing a variety of products	35
a) Dairies selling more than 50 % of their production as milk	35
b) Dairies selling 25 to 50 % of their production as milk	35
c) Dairies selling less than 25 % of their production as milk	36
8. Principal data for these production groups	36
IV. Investments	38
V. Share capital and real capital at the end of 1956	39
VI. Machinery at the end of 1956	41
VII. Total production of cow milk and goat milk	50
VIII. English summary	51

Tables.

I. Classification of dairies according to production	54
II. Dairies and their geographical location, lenght of time in operation, volume of milk and number of employees by dairy	55
III. Employed persons in 1956	56
IV. Volume of milk weighed in directly from producers and from other dairies	57
V. Volume of skimmed milk and whey returned to producers and sale for feed	58

	Page
VI. Fat content of milk, basis of payment to producers and classification of dairies by volume of milk weighed in	59
VII. Test of reductase by classes	60
VIII. Production of butter, cheese and whey cheese	61
IX. Sale of milk and cream to consumers	63
X. Milk and cream consumption in food manufacturing industries	64
XI. Gross income, operating expenses and net income in 1956	65
XII. Operating expenses grouped by items of expenditure	66
XIII. Net income of dairying, paid out to producers, etc.	68
XIV. Total sales of milk and cream, skimmed milk returned to producers and operating results for each dairy during 1956	70
XV. Expenditures for various kinds of equipment, dwellings, and other building and construction, etc. in 1956	80
XVI. Expenditures for repairs in 1956	82
XVII. Share capital and real capital at the end of 1956	83
XVIII. Steam and heating machinery, electric motors and cold storage at the end of 1956 and use of fuel and electricity in 1956	84
XIX. Transport equipment at the end of 1956 and use of petrol and diesel oil in 1956	86
XX. Dairy-machines at the end of 1956	88
 Appendix 1	97
Appendix 2	105

Oversyn

I. Det statistiske materialet.

For 1956 som for tidlegare år har ein samla inn detaljerte oppgåver for kvar einskilt meieri i heile riket. Oppgåveskjemaet var stort sett det same frå 1939 til og med 1952. For 1953 vart det så omarbeidd og utvida. (Sjå meir om dette i «Meieribruket i Noreg 1953», N.O.S. XI, 218). For 1954 vart det ei ny endring i den delen av oppgåveskjemaet som gjeld dei økonomiske resultata. Oppgåvene vart noko meir spesifiserte, men omfanget elles er det same som i 1953. Seinare har det ikkje vore nemnande endringar i oppgåveskjemaet.

Utanom årsoppgåvene vart det til og med 1953 for kvar månad samla inn rapportar for dei fleste meieri og samlestasjonar. Rapportane femner om mjølkemengd, produksjon og lager på meieria ved utgangen av kvar månad. Frå 1954 har ein fått månadsoppgåver frå mjølkesentralane og ikkje som før frå kvar einskilt meieri med sjølvstendig drift. Resultatet av månadsstatistikken blir prenta i Statistiske meldinger. Eit samandrag for 1956 vart prenta i Statistiske meldinger 1957 nr. 3.

II. Omfanget av meieridrifta, vanlege driftsvilkår og driftsresultat.

1. Meieria og kvar dei ligg.

For 1956 har ein oppgåver frå 258 meieri (produksjons-, mjølkesals- og sætermeieri), 120 samlestasjonar og 3 kondenseringsfabrikkar, i alt 381 verksamser. Tal for dei einskilde fylka har ein i tabell I og II.

I dei fylgjande oppgåvene er kondenseringsfabrikkane tekne med berre der ein har sagt serskilt frå om det. Tabell I viser kva slags drift meieria har og korleis dei er spreidde på fylka. Tabell 1, som går tilbake til 1900, viser kor mange av dei som ligg i bygder og byar.

Tabell 1. Talet på meieria og kvar dei ligg.

År	Meieri i alt	Av dei ligg i		År	Meieri i alt	Av dei ligg i	
		bygder	byar			bygder	byar
1900	845	784	61	1950	465	¹ 405	¹ 60
1910	738	675	63	1952	442	382	60
1920	544	480	64	1953	431	371	60
1930	639	567	72	1954	400	341	59
1940	570	506	64	1955	383	324	59
1945	548	486	62	1956	378	319	59

¹ Korrigerte tal.

Nedgangen i talet på meieri i bygdene heng først og fremst saman med arbeidet for å sentralisere og rasjonalisere meieridrifta. Dei mange småmeieria har etter kvart gått saman til større meieri. I statistikken for 1947 og eldre årgangar sto det meir om dette. Nedgangen etter krigen kjem for størstedelen av at mange samlestasjonar er nedlagde, serleg i Akershus og Hordaland.

2. Leverandørar og parthavarar ved meieria og talet på mjølkekryr og mjølkegeiter hos dei.

Leverandørane eig no alle meieria og driv dei sjølve. Tidlegare oppgåver om eigedomstilhøva viser at leverandørane alltid har ått storparten av meieria og sjølve stått for drifta. Sjå statistikken for 1935 og 1952.

Tabell 2. Leverandørar og parthavarar ved meieria 1955 og 1956 og mjølkekryr og mjølkegeiter hos dei.

Fylke	Leverandørar				Mjølkekryr				Mjølkegeiter	
	1955		1956		1955		1956		1956	
	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar
Østfold	4 617	4 376	4 500	4 270	32 832	31 780	31 000	29 850	—	—
Akershus og Oslo	5 063	4 537	5 023	4 655	35 792	32 890	36 549	34 613	—	—
Hedmark	10 400	8 383	10 015	8 181	45 891	36 310	43 923	36 156	7 109	5 614
Oppland	11 999	8 608	12 018	8 918	60 948	52 438	60 161	52 455	18 430	16 530
Buskerud	5 010	4 068	4 956	3 981	26 809	23 123	24 807	20 138	1 450	1 290
Vestfold	3 225	3 097	3 205	3 052	16 019	15 552	16 021	15 488	—	—
Telemark	4 443	3 882	4 298	3 853	16 343	15 368	15 731	14 610	2 025	1 500
Aust-Agder	3 328	2 853	3 394	2 865	9 416	8 127	8 583	7 288	—	—
Vest-Agder	5 439	4 980	5 085	4 767	15 526	14 975	15 197	14 371	—	—
Rogaland	10 094	9 326	10 157	9 452	58 987	56 526	59 745	57 195	790	755
Hordaland og Bergen	9 932	8 036	9 072	8 051	34 120	32 308	32 240	30 441	5 782	4 196
Sogn og Fjord..	7 378	5 744	7 422	5 533	29 402	23 905	31 299	24 150	3 422	2 800
Møre og Romsdal	12 913	10 879	13 101	11 152	49 294	42 517	48 685	43 634	5 168	5 018
Sør-Trøndelag ..	7 493	6 334	7 814	6 681	37 480	33 042	38 293	33 999	1 089	894
Nord-Trøndelag ..	7 389	6 471	7 506	6 614	35 897	33 245	35 978	33 230	3 261	3 084
Nordland	11 308	8 805	11 657	9 097	31 590	25 475	34 410	28 030	3 942	3 204
Troms	7 272	6 195	7 533	6 570	21 136	18 424	21 907	19 785	6 764	6 054
Finnmark	1 546	1 083	1 914	1 361	2 878	2 201	3 803	2 902	—	—
Riket	128 849	107 657	128 670	109 053	560 360	498 206	558 332	498 335	59 232	50 939

Talet på leverandørar har endra seg lite dei siste åra. I 1956 var det 128 670 leverandørar mot 128 849 i 1955. Utviklinga er likevel noko ujamn frå fylke til fylke. Ein skal her vera klår over at samstundes som stadig fleire av mjølkeprodusentane er blitt meierileverandørar, er det, serleg på Austlandet, fleire og fleire som har lagt om drifta til einsidig korndyrking. Med det har talet på mjølkeprodusentar gått attende. Talet på parthavarar ved meieria har auka dei seinare åra og var i 1956 109 053 mot 107 657 i 1955.

Talet på mjølkekryr hos leverandørane i 1956 var oppgjevi til 558 332 og av dei hadde parthavarane 498 335 eller 89,2 prosent. Talet for 1955 var 558 545 og av dei hadde parthavarane 496 404 eller 88,9 prosent. Unnateki Akershus og Vestfold er det nedgang i kutalet i alle fylka på Aust- og Sør-

landet. Nedgangen er størst i Buskerud med 2 002 kyr eller 7,5 prosent. I Akershus er det ein oppgang på 757 kyr eller 2,1 prosent. Av fylka elles i landet er det berre Hordaland og Møre og Romsdal som har nedgang i kutalet. I Hordaland er nedgangen 1 880 kyr eller 5,5 prosent og i Møre og Romsdal 609 kyr eller 1,2 prosent. Størst oppgang viser Nordland med 2 820 kyr eller 8,9 prosent. Den relative oppgangen er størst i Finnmark med 925 kyr eller 32,1 prosent.

Talet på mjølkegeiter har auka frå 53 030 i 1955 til 59 232 i 1956. Det er ein oppgang på 6 202 geiter eller 11,7 prosent.

3. Personale og driftstid ved meieria.

I 1956 var det sysselsett i alt 6 473 personar ved meieria mot 6 477 i 1955. Tabell 3 viser korleis desse var spreidde på hovudgrupper.

Tabell 3. Personalalet ved meieria 1956.

	Menn	Kvinner	I alt
Ved meieriet	2 239	990	3 229
» kontoret	403	477	880
» mjølkeutsal	11	973	984
» transport	758	1	759
» anna verksemd	415	206	621
I alt	3 826	2 647	6 473
Av desse med meieriutdaning	673	343	1 016

Oppgåver over personale ved meieria delt på fylka er inntekne i tabell III.

I tabell 4 har ein oppgåver over personalet ved meieria frå 1910 til 1956. Frå og med 1953 er det eit sprang i tala. Sjå meir om dette i statistikken for 1953.

Tabell 4. Personalalet ved meieria.

År	Menn	Kvinner	I alt	Med meieriutdaning	
				Menn	Kvinner
1910	1 021	1 710	2 731	—	—
1920	1 237	1 519	2 756	—	—
1930	1 672	1 613	3 285	—	—
1940	1 936	1 592	3 528	474	439
1945	1 711	1 232	2 943	487	375
1950	2 607	1 602	4 209	576	380
1952	2 950	1 849	4 799	592	377
1953	3 516	2 640	6 156	622	392
1954	3 623	2 659	6 282	637	382
1955	3 787	2 690	6 477	651	366
1956	3 826	2 647	6 473	673	343

I 1956 var det i medeltal 14,8 personar for alle produksjons- og mjølkesalsmeieri og 3,1 personar i medeltal pr. mill. kg mjølk. Dei tilsvarende tala for 1955 var i same rekjkjefylge 14,6 og 3,3 personar. I desse tala har ein berre rekna med dei som var sysselsette ved meieriet og kontoret.

Av dei 378 meieria som var i drift i 1956 dreiv 374 heile året, 1 hadde ei driftstid mellom 9 og 11 månader og 3 hadde driftstid kortare enn 6 månader. I tabell II er oppgåvane over personar i medeltal og driftstida for kvart meieri delte etter fylke.

4. Innvegen mjølkemengd og retur av skumamjølk og myse m. v.

Ein skil mellom mjølk innvegen frå eigne leverandørar og mjølk frå andre meieri. Omframt oppgåvane over skumamjølk, saup og myse i retur til leverandørane har ein og oppgåver over skumamjølk, saup og myse sold til andre (til før), og det som er føra opp på meieriet. Når oppgåvane frå eit meieri ikkje skil mellom skumamjølk og saup, har ein ført samla mengd av desse produkta i rubriken for skumamjølk. Ved omrekning av mjølkemengda frå liter til kg har ein dividert litertalet med 0,97 (dvs. spesifikk vekt = 1,0309).

Den innvegne mjølkemengda ved meieria og kondenseringsfabrikkane var i 1956 1 112 067 602 kg kumjølk, 17 656 017 kg geitemjølk og 934 030 kg fløyte som etter feittinnhaldet svarar til 6 396 711 kg heilmjølk. Samla innvegen mengd omrekna til heilmjølk var altså 1 136 120 330 kg mot 1 060 698 746 kg i 1955. Dette er ein auke på 75 421 584 kg eller 7,1 prosent. Av den innvegne mjølkemengda i 1956 vart 11 196 483 kg levert direkte til kondenseringsfabrikkane mot 11 855 739 kg i 1955. Fylkestala for innvegen mjølk og fløyte er inntekne i tabell IV.

Oppgåvane i månadsmeldingane syner innvegen mjølkemengd ved meieria frå månad til månad. Ein merkar seg at månadstala for siste kvartal som viste sterkt oppgang frå 1953 til 1954 har halde ved å auke både i 1955 og 1956. I 1953 hadde dei 3 månadene tilsaman 18,5 prosent av tilførsla til meieria i året, i 1954 19,4, i 1955 20,0 og i 1956 20,1 prosent av heile tilførsla. Samstundes syner tilførsla i dei to toppmånadene mai og juni svakt minkande tendens, og ein kan i det heile seia at sesongskiftet har vorte noko mindre dei siste åra enn før.

Tabell 5. Innvegen mjølkemengd i tonn etter månadsmeldingane.

Månad	1950	1951	1952	1953	1954	1955	1956
Januar	70 888	71 868	69 508	77 769	71 296	75 272	80 527
Februar	69 027	70 387	68 338	74 020	70 143	73 279	79 912
Mars	85 259	82 427	80 695	92 079	91 124	90 610	95 225
April	91 597	97 246	91 047	105 624	102 784	104 500	111 781
Mai	106 125	105 059	107 794	117 287	114 648	115 228	126 203
Juni	106 628	109 401	109 476	120 050	119 024	119 615	123 937
Juli	95 188	103 238	99 265	103 618	105 544	106 321	111 283
August	86 924	89 381	84 898	92 970	92 393	90 567	98 046
September	76 746	74 421	76 828	79 458	81 160	72 735	80 604
Okttober	65 136	68 539	66 473	67 343	67 153	70 148	75 238
November	60 186	60 208	62 516	61 574	65 891	67 778	72 668
Desember	63 750	63 558	71 729	67 094	71 461	73 724	79 695
I alt	977 454	995 733	988 567	1 058 886	1 052 621	1 059 777	1 135 119

Før 1. januar 1954 vart månadsoppgåvane innhenta beinveges frå kvart einskilt meieri. Noko av den mjølka som vart levert beinveges til kondenseringsfabrikkane var då ikkje med i månadsmeldingane. Sume småmeieri

var heller ikkje med, men det var likevel i alt berre omlag 0,5 prosent som ikkje kom med. Etter 1. januar 1954 byggjer månadsmeldingane på rapportar frå mjølkesentralane og femnar då om all innvegen mjølkemengd.

Omsetnad av mjølk mellom meieria går for det meste frå samlestasjonar til dei store sentralmeieria. I dei seinare åra har likevel bymeieria i stor mon fått mjølk — suppleringsmjølk — frå andre meieri for å dekkja krava på mjølk til konsum. Statistikken skil ikkje mellom mjølk motteken frå samlestasjonar og mjølk motteken frå andre meieri. I 1956 gjeld dette engrossalet i alt 138 306 tonn heilmjølk, 16 649 tonn skumamjølk, 6 585 tonn krem, 28 tonn 10 prosent fløyte og 3 393 tonn anna fløyte. Av anna fløyte er det meste kjernefløyte levert til felleskjerning. Denne fløyten har vanleg ca. 35 prosent feitt og er tidlegare rekna saman med krem. Tala for 1955 var 148 029 tonn heilmjølk, 10 013 tonn skumamjølk, 8 619 tonn krem og 50 tonn 10 prosent fløyte.

Retur av skumamjølk til leverandørane var i 1956 226 680 tonn mot 224 226 tonn i 1955, retur av saup 14 083 tonn i 1956 mot 11 775 tonn i 1955 og retur av myse 95 906 tonn i 1956 mot 74 292 tonn i 1955. Om lag 5,1 prosent av skumamjølka, 4,7 prosent av saupet og 4,9 prosent av mysa vart returnert gratis. I 1955 var tala i same rekjkjefylge 5,8, 7,3 og 1,6 prosent. I tabell V er det inntekti oppgåver for dei einskilde fylka over retur, oppföring og sal av magermjølk og myse til fôr.

Utanom retur kjem magermjølk etter fløyte levert beinveges til meieria. For 1956 er mengda av denne magermjølka rekna til 5 355 tonn mot 7 050 tonn i 1955. Det er då teki omsyn til svinn ved skuminga. I tabell 25 er det teki inn eit oversyn over korleis gratis returnert magermjølk og magermjølk etter innvegen fløyte er delt på fylka.

5. Feittinnhaldet i mjølka. Reduktaseprøver. Oppgjer. Inndeling av meieria etter storleik.

Gransking av feittinnhaldet er fast regel ved alle meieri. Tabell VI syner resultata for dei einskilde meieria og for heile riket.

Medelfeittinnhaldet i kumjølka auka jamt framover til 1953 då det var 3,95 prosent. I 1954 gjekk feittprosenten ned til 3,92 prosent og i 1955 var den 3,90 prosent. I 1956 er det eit stort sprang oppover til 4,01 prosent. Vest-Agder hadde høgste feittprosenten i 1956 med 4,18 og Troms den lægste med 3,79. 12 meieri hadde ein feittprosent på 3,75 eller mindre, 201 meieri hadde frå 3,76 til 4,00, 148 meieri frå 4,01 til 4,25 og 16 meieri hadde over 4,25 prosent feitt i kumjølka.

Feittprosenten i geitemjølka skifter mykje meir enn i kumjølka. Medeltalet for heile landet var 3,42 prosent i 1956 mot 3,38 prosent i 1955. Møre og Romsdal hadde den feitaste geitemjølka med 3,87 prosent, og Troms hadde den magraste med 2,80 prosent.

Føresetnaden for utbetaling av statstilskot på mjølka har sidan 1940 vori at det ved oppgjer med leverandørane vert gjennomførd kvalitetsbetaling etter reduktaseprøver (prøve på bakterieinnhaldet i mjølka). Sjå meir om dette i statistikken for 1953.

Ein har innhenta oppgåver over resultata av reduktaseprøvinga frå og med 1953. I alt har ein fått inn oppgåver over 4 015 464 prøver i 1956 mot 3 888 205 i 1955. Av desse fell 86,1 prosent på klasse 1, 10,9 prosent på klasse 2, 2,2 prosent på klasse 3 og 0,8 prosent på klasse 4. Sør-Trøndelag og Hordaland

har dei høgste prosentala i klasse 1, medan Oppland og dei 3 fylka i Nord-Noreg har dei lægste. Resultata for dei einskilde fylka er inntekne i tabell VII.

Oppgjer for mjølka etter feittinnhaldet har i 1956 vori gjennomført ved 376 meieri. Av desse har 15 betalt etter differens 1,0 øre, 212 etter differens 0,9 øre, 146 etter differens 0,8 øre og 3 meieri etter differens 0,7 øre pr. 0,1 prosent feitt.

Tabell 6. Meieria etter innvegen mjølkemengd.

År	Innvegen mjølkemengd pr. år						
	Mindre enn 100 tonn	100—200 tonn	200—500 tonn	500—1000 tonn	1000—2000 tonn	2000—5000 tonn	5000 tonn og meir
1900	310	247	207	47	7		7
1910	225	196	203	65	28		15
1920	116	106	187	86	34		23
1930	129	100	188	128	53		44
1939	70	57	130	135	108	72	30
1945	103	101	165	94	47	27	8
1950	18	31	73	107	84	112	40
1953	20	25	54	85	88	108	50
1954	14	24	38	69	87	119	48
1955	12	19	39	60	76	128	48
1956	9	18	40	52	76	130	53

Inndeling av meieria etter storleik vert gjort på grunnlag av innvegen mjølkemengd frå eigne leverandørar. I tabell VI er det innteki oppgåver over storleiken av meieria i dei einskilde fylka.

6. Produksjon av smør, ost og mysost.

Det var gjennomgåande stor auke i produksjonen av både smør og ost frå 1955 til 1956. Smørproduksjonen auka såleis frå 10 517 tonn til 12 487 tonn, medan produksjonen av kvit ost auka frå 17 302 tonn til 20 842 tonn og produksjonen av brun ost auka frå 11 895 tonn til 12 411 tonn. Kasein til fôr minka frå 882 tonn til 268 tonn medan kasein til tørking auka frå 3 799 tonn i 1955 til 5 148 tonn i 1956.

Av dei einskilde kvitostslaga er det berre edamost og gamalost som syner nedgang, medan alle dei andre ostesлага har hatt større produksjon i 1956 enn i 1955. Oppgangen er størst for gaudaost med 2 569 tonn eller 25 prosent. Mest forvitneleg er kanskje tala for normannaost. Produksjonen av denne har auka jamt og sterkt etter 1945 og var i 1956 fire gonger større enn i 1939—40, og er dobla sidan 1950. Frå 1955 til 1956 auka produksjonen av normannaost med 170 tonn eller 11,7 prosent. Alle brunostslaga, unntekti mysost, har auka frå 1955 til 1956. Størst er auken for fløytemysost med 216 tonn eller 7,2 prosent. Den relative auken er størst for ekte geitost med 177 tonn eller 16,6 prosent.

Ein skal elles merka seg at av dei ostesortane som vert produsert i fleire kvalitetar med ulike innhald av feitt, har produksjonen av dei magrare kvalitetane stadig gått attende i dei seinare åra, medan produksjonen av dei heilfeite kvalitetane til dels har auka sterkt.

Tabell 7 syner korleis produksjonen ved meieria har skifta i dei seinare åra medan tabell VIII syner korleis produksjonen er fordelt på dei einskilde fylka.

Tabell 7. Produksjon av smør og ost i tonn.

	1939	1950	1952	1953	1954	1955	1956
Smør	17 589	11 532	10 246	12 834	10 636	10 517	12 487
Gaudaost { heilfeit ...	4 784	8 141	11 630	10 841	10 099	10 311	12 880
halvfeit ...	802	682	113	73	60	41	60
Nøkkelost { heilfeit ...	325	628	2 102	2 984	3 844	3 186	3 716
halvfeit ...	1 308	2 051	1 496	315	303	227	225
kvartfeit .	662	449	270	4	3	2	—
mager ...	354	140	125	43	30	16	4
Edamost	537	216	399	957	1193	845	752
Sveitsarost	522	119	246	284	301	258	340
Normannaoost	252	583	764	856	899	1 017	1 187
Gamalost	274	261	315	362	478	516	433
Pultost	636	685	693	610	620	656	678
Saupost	—	28	18	20	28	29	71
Andre ostesortar	148	145	131	125	172	198	495
Kvit ost i alt	10 604	14 128	18 302	17 474	18 030	17 302	20 841
Kasein til før	279	97	21	15	532	882	268
Kasein til tørring	2 319	3 959	4 327	4 461	4 039	3 799	5 148
Geitost, ekte	438	737	726	1 096	977	1 069	1 246
Gudbrandsdalsost	—	266	6 180	5 687	6 283	6 668	6 691
Geitost, blanda	4 132	4 869	861	396	613	746	789
Fløyte- { heilfeit	66	1 205	3 738	2 059	3 328	2 547	2 911
mysost { halvfeit	1 329	3 877	906	525	499	466	318
Mysost	1 425	205	32	37	43	44	11
Prim	410	242	380	239	307	354	445
Brun ost i alt	7 800	11 401	12 823	10 039	12 050	11 894	12 411

Mengda av innvegen mjølk har auka mykje meir enn auken i samla produksjon av ku- og geitemjølk. Medan det i 1939 vart innvegi 51,6 prosent av produksjonen av kumjølk ved meieria, var innvegingsprosenten i 1956 om

Tabell 8. Innvegen mjølkemengd og produksjon
av smør og ost 1900—1956.
Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

År	Innvegen mjølkemengd tonn	Produsert i alt tonn					
		Smør	Magerost	Feitost	Kasein	Geit- og føyte- mysost	Mager mysost og prim
1900	166 024	3 580	1 341	1 256	—	—	1 716
1910	238 689	3 707	3 044	1 772	—	—	2 981
1920	247 735	1 157	2 427	4 465	—	—	4 201
1930	402 260	3 945	2 524	5 964	1 271	3 734	2 408
1939	780 693	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834
1945	336 738	4 107	747	1 170	310	1 432	505
1950	978 128	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447
1953	1 051 959	12 834	1 048	16 426	4 476	9 763	276
1954	1 039 625	10 636	1 192	16 838	4 571	11 700	350
1955	1 048 844	10 517	1 221	16 081	4 681	11 496	398
1956	1 124 924	12 487	1 201	19 640	5 416	11 955	456

lag 72. Av årsaker til denne utviklinga kan ein nemna at etter kvart som meieribruket er utbygd, har fleire og fleire produsentar blitt meierileverandørar. Det har kanskje likevel meir å seia at det er færre folk på gardane no enn før. Heimeforbruket av mjølk har såleis minka samstundes som produksjonen av mjølk i alt har auka. Sjå elles meir om dette i bok VII, samla produksjon av ku- og geitemjølk, side 50.

Etter årsmeldinga frå Norske Melkeprodusenter Landsforbund vart det i 1956 produsert 2 871 014 kg fjell- og gardssmør som hadde lovleg krav på tilskot. I 1955 var det oppgjevi 2 847 786 kg fjell- og gardssmør. Vidare vart det i 1956 gjevi tilskot til 326 634 kg gards- og sæterost. Av dette var 319 992 kg ekte geitost (F.G.) og 6 642 kg blanda geitost (B.G.).

7. Sal av mjølk og fløyte til konsum.

Sidan 1938 er det i oppgåvene over mjølkesalet skilt mellom sal til konsum og sal til anna bruk, til dømes til bakeri og anna matvareindustri. Tabell IX syner mjølkesalet for alle meieri, medan tabell 9 gjev eit oversyn over mjølkesalet til konsum for heile landet.

Tabell 9. Sal av mjølk til konsum i tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skumamjølk	Saup	Fløyte		Krem 35 pct.	I alt				
		uskuma	skuma			10 pct.							
						alm.	sterilisert						
1935	103 144	2 006	—	48 828	4 902	—	—	9 419	2 035 170 334				
1940	140 101	1 002	—	54 060	5 545	—	—	7 317	2 094 210 119				
1945	223 555	1 652	—	32 876	3 322	1	—	—	261 406				
1950	384 467	8 439	—	13 888	829	2 860	—	15 042	425 475				
1953	386 205	12 786	1 802	7 590	719	282	574	2 489	13 491 425 938				
1954	395 642	14 565	1 658	6 680	640	11	1 464	2 358	13 519 436 537				
1955	403 442	16 855	2 290	6 997	508	45	1 761	2 278	13 965 448 141				
1956	408 408	17 347	2 364	6 188	609	2	1 954	2 118	14 143 453 151				

Oppgåvene syner at salet av heilmjølk til konsum gjekk opp frå 403 442 tonn i 1955 til 408 408 tonn i 1956. Salet av uskuma kulturmjølk gjekk opp frå 16 855 tonn i 1955 til 17 347 tonn i 1956, medan salet av skumamjølk gjekk ned frå 6 997 tonn til 6 188 tonn. Salet av 10 prosent fløyte viste framleis sterkt auka i 1956, medan salet av 20 prosent fløyte gjekk noko ned. Salet av krem har auka lite grann. Av konsumsalet på i alt 453 151 tonn vart 234 491 tonn eller 51,7 prosent omsett på flasker og kartongar. Tilsvarande tal for 1955 var 49,8 prosent.

Omrekna til heilmjølk viser oppgåvene at konsumsalet var 563 729 tonn eller 53,2 prosent av den innvegne mjølkemengda i 1955 mot 575 315 tonn eller 50,6 prosent i 1956. Sjå tabell 12, side 18.

8. Mjølk nytta i industrien.

Oppgåvene i denne bolken femner om mjølk som vert nytta til annan produksjon enn vanlege meieriprodukt. Dei femner såleis om all mjølk og fløyte som meieria sjølv og kondenserings- og tørrmjølkfabrikkane har nytta til kondensering, mjølkepulver og iskrem. I tillegg kjem den mjølka og fløyten som meieria har selt til industriforbruk med frådrag for dei mengder mjølk

og fløyte som meieria har levert til kondenserings- og tørrmjølkfabrikkane. Sal til industriforbruk er definert som sal til margarin-, hermetikk- og kondenseringsfabrikkar, tørrmjølkanlegg, bakeri, konditori, iskremfabrikkar o. a. næringsmiddelindustriar m. v.

I 1956 vart det i industrien nytta i alt 79 452 tonn mjølk og fløyte mot 70 074 tonn i 1955. Oppgangen fell heilt ut på skumamjølk. Mengda av skumamjølk gjekk såleis opp med 9 969 tonn frå 32 761 tonn i 1955 til 42 730 tonn i 1956 medan forbruket av dei andre mjølk- og fløytesortane har minka.

Tabell 10. Mengda av mjølk og fløyte nytta i industrien. Tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skuma-mjølk	Saup	Fløyte			I alt	
		uskuma	skuma			10 pct.	20 % og annan	krem 35 pct.		
Riket	1953	31 684	164	412	17 344	54	124	81	1 062	50 925
	» 1954	34 169	153	417	25 212	81	48	101	1 102	61 283
	» 1955	34 731	157	923	32 761	61	25	152	1 264	70 074
	» 1956	34 455	144	528	42 730	42	256	125	1 172	79 452

I tabell X er det oppgåver for kvart fylke over mjølk til industriforbruk. Etter oppgåver frå margarinkontrollen vart det i 1956 produsert 97 187 tonn margarin og til det nytta 78 tonn heilmjølk, 3 714 tonn skumamjølk og saup og 125 tonn mjølkepulver. I 1955 var det produsert 92 781 tonn margarin og nytta 139 tonn heilmjølk, 4 766 tonn skumamjølk og saup og 96 tonn mjølkepulver.

Kondensering av mjølk vart i 1956 drivi ved 3 fabrikkar og 1 meieri, medan framstilling av mjølkepulver gjekk for seg ved ein kondenseringsfabrikk og 5 verksemder tilhøyrande meieriorganisasjonane.

Sidan 1. juli 1950 har det vore pålagd ei avgift av kr. 1,00 pr. liter is til konsum. I 1956 var det betalt avgift for 5,12 mill. liter, mot 5,39 mill. liter i 1955.

9. Mjølkeomsetnad utanom meieria.

Statistikken over mjølkesalet utanom meieria er sett opp etter dei oppgåver Omsetningsrådet har over avgiftspliktig sal. Desse oppgåvene har ein sidan 1932. Etter at riksoppgjer for meierimjølka vart sett i verk i 1942, har det og vori betalt tilskot for mjølk levert direkte til forbrukar.

Dei fyrste åra omsetnadslova for jordbruksvarer var gjeldande har ein ujamne tal for dei einiske distrikta over mjølkeomsetnaden utanom meieria, bl. a. av di at lova vart gjort gjeldande for nye strok. Sidan riksoppgjeret vart sett i verk, fell oppgåvene frå Omsetningsrådet over avgiftspliktig sal og oppgåvene frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund over direkte levert mjølk som det er betalt tilskot for, stort sett saman. Ein reknar nå med at så å seia all mjølkeomsetnad utanom meieria er komen med i oppgåvene.

Tabell 11. Omsetnad av mjølk utanom meieria 1938—1956.¹

Mjølkesentral	1938	1953	1954	1955	1956
	Liter	Liter	Liter	Liter	Liter
Østlandets	26 524 271	9 027 241	10 029 961	8 535 847	7 732 801
Telemark	1 911 000	872 191	1 185 216	990 072	976 076
Aust-Agder	1 202 384	1 554 679	1 143 856	992 290	941 269
Vest-Agder	2 420 563	2 710 349	1 773 850	1 303 667	1 261 129
Vestlandske	7 960 389	3 908 477	4 321 349	4 030 930	4 249 598
Møre og Romsdal	1 688 349	3 514 075	5 007 277	4 290 095	2 918 439
Trøndelag	3 100 089	2 649 127	3 020 371	1 708 273	1 625 293
Nord-Norges	1 304 519	2 455 557	4 086 458	3 860 959	5 964 610
Sum	46 111 564	26 691 696	30 568 338	25 712 133	25 669 215

¹ Etter oppgåve fra Omsetningsrådet og Norske Melkeprodusenters Landsforbund.

Tabell 12. Mjølkemengda etter bruken av mjølkefeitt.

a. Absolutte tal i tonn.

År	I alt heimmjølk	Av det nytta til:			
		Kinning	Ysting	Sal til konsum ¹	Nytta i industrien ²
1875	Tonn 16 739	Tonn 11 081	Tonn 1 473	Tonn 4 185	Tonn —
1900	184 024	89 436	12 514	64 040	18 034
1910	277 765	92 496	16 944	129 438	38 887
1920	281 434	30 113	44 467	171 956	34 898
1930	427 676	103 356	90 721	203 715	29 884
1940	653 052	323 532	95 867	209 221	24 432
1945	341 892	95 887	15 218	221 488	9 299
1950	991 411	250 985	157 843	542 178	40 405
1953	1 064 231	276 681	205 478	539 800	42 272
1954	1 052 175	229 374	223 061	550 288	49 452
1955	1 060 699	227 471	217 754	563 729	51 745
1956	1 136 120	266 949	247 617	575 315	46 239

b. Relative tal.

1875	100,0	66,2	8,8	25,0	—
1900	100,0	48,6	6,8	34,8	9,8
1910	100,0	33,3	6,1	46,6	14,0
1920	100,0	10,7	15,8	61,1	12,4
1930	100,0	24,2	21,2	47,6	7,0
1940	100,0	49,5	14,7	32,0	3,8
1945	100,0	28,0	4,5	64,8	2,7
1950	100,0	25,3	15,9	54,7	4,1
1953	100,0	26,0	19,3	50,7	4,0
1954	100,0	21,8	21,2	52,3	4,7
1955	100,0	21,4	20,5	53,2	4,9
1956	100,0	23,5	21,8	50,6	4,1

¹ Utanom sal til hushald femner oppgåva fram til 1947 og om levering til bakeri og konditori, margarin- og hermetikkfabrikkar o. a. matvareindustri. Frå og med 1947 gjeld oppgåva berre sal til konsum. ² Fram til 1947 femner oppgåva berre om mjølk til kondensering, sterilisering, mjølkekulver, is og iskrem. Frå og med 1947 femner oppgåva om all mjølk til bruk i industrien. Sjå note 1.

10. Mjølkemengda fordelt etter måten mjølka er nytta på.

Ved fordeling av mjølkemengda etter kva ho blir nytta til, har ein lagt mengd mjølkefeitt til grunn for utrekningane. Når såleis til dømes alt feittet i mjølka er nytta til smørproduksjon, og skumamjølk og saup er nytta til konsum eller produksjon av magerost, reknar ein at all mjølka er nytta til smørproduksjon. Framgangsmåten vil difor føra til at dei produksjonsgruppene som nyttar skumamjølk og saup vert verdsette for lågt.

Oppgåvane over korleis mjølka er nytta syner at det har vori store endringar frå tid til anna. Den store auken i smørproduksjonen i 1930-åra må ein sjå i samanheng med påbodet av 1. november 1931 om smørinnblanding i margarinien. Sjå meir om dette i statistikken for 1944, side 15.

Frå 1939 til 1945 gjekk smørproduksjonen monaleg ned, men har seinare auka att. I dei seinare åra har utviklinga vori noko ujamn.

I 1956 vart 23,5 prosent av den innvegne mjølkemengda nytta til kinning, 21,8 prosent til ysting, 50,6 prosent til konsum, og 4,1 prosent vart nytta i industrien.

11. Dei økonomiske resultata.

a. Prisar.

Dei utsalsprisar som var fastsette for mjølk, fløyte, smør og ost frå 1. juli 1954 galdt til 23. april 1956. Då vart alle prisar regulerte oppover i samsvar med den nye prisavtala for jordbruket. Frå 1. september 1956 vart prisane på konsummjølk sette ned att av di subsidiane til konsummjølk vart auka.

For nokre få osteslag som gamalost, pultost og smelteost har prisane vori fastsette av meieriorganisasjonane.

Tabell 13. Maksimalprisar på mjølk og fløyte
i utsali i 1956¹. Øre pr. liter.

	Frå 1. juli 1954		Frå 23. april 1956		Frå 1. sept. 1956	
	Prisgruppe					
	I	II	I	II	I	II
Heilmjølk	53	51	64	62	56	54
Uskuma kulturmjølk	58	56	69	67	61	59
Skumamjølk	27	25	32	30	32	30
Saup og skuma kulturmjølk	32	30	37	35	37	35
Fløyte med 10 pct. feitt	215	210	250	245	250	245
Fløyte med 20 pct. feitt	385	375	445	435	445	435
Konditorkrem med 35 pct. feitt .	655	635	770	750	770	750

¹ Ved levering av mjølk og fløyte i flasker 5 øre pr. flaske i tillegg.

Tabell 14. Prisar på kløvermerkt smør og ost
ved sal til detaljistar og store forbrukarar
og ved sal til forbrukar. Kr. pr. kg.

	Maksimalprisar til detaljist			Maksimalpris til forbrukar i sone I	
	1/10 1940	1/7 1954	23/4 1956	1/7 1954	23/4 1956
Kløvermerkt meierismør	4,10	7,05	8,05	8,55	9,75
Off. godkjent gards- og fjellsmør ..	3,75	6,80	7,80	8,25	9,45
Sveitsarost, heilfeit, F. 45	3,35	7,20	8,70	9,30	11,05
Edamost, heilfeit, F. 45	2,55	5,60	6,75	7,40	8,75
» heilfeit, F. 40	2,45	5,40	6,55	7,15	8,50
Gaudaost, heilfeit, F. 45	2,35	5,20	6,35	6,85	8,20
» halvfeit, H. 30	2,05	4,35	5,50	5,70	7,05
Nøkkelost, heilfeit	2,40	5,30	6,45	6,95	8,30
» halvfeit, H. 30	2,05	4,45	5,60	5,85	7,20
» kvartfeit, K. 20 ...	1,80	3,95	5,10	5,15	6,50
» mager, M. 10	1,50	3,50	4,65	4,55	5,90
Normannaost, heilfeit, F. 50 ²	2,95	5,65	6,90	7,70	9,15
Pultost, gjæra ¹	1,55	2,95	4,10	4,10	5,45
Gamalost ¹	2,30	5,80	6,45	8,00	8,75
Ekte geitost, heilfeit, F. 33 ²	3,65	7,90	9,40	9,95	11,70
Gudbrandsdalsost, G. 35	—	5,25	6,40	6,90	8,25
Blanda geitost, B.G. 33 ²	2,50	5,00	6,20	6,60	8,00
Fløytemysost, heilfeit, F. 33 ²	2,35	4,25	5,45	5,50	6,90
» halvfeit, H. 20 ...	1,75	3,55	4,75	4,65	6,05
Prim, vanleg ¹	1,05	2,40	3,55	3,30	4,65

¹ Maksimalprisane oppheva frå 1/7, 1954 og ombyta med noteringsprisar.

² Inntil 1/7, 1954 galdt prisane Normannaost F. 45, ekte geitost F.G. 28, blanda geitmysost B.G. 28 og fløytemysost F. 28.

b. Statstilskota til mjølkeproduksjonen.

Reglane om statstilskot til mjølkeproduksjonen er endra fleire gonger etter 1945. Dei føresegner som gjeld no for regulering av prisane på mjølk og mjølkeprodukt vart fastsette av Prisdirektoratet i kunngjeringar frå 23. april, 1. juli og 1. september 1956.

Dei samla statstilskota til mjølkeproduksjonen var 369,0 mill. kr. i 1956—57. Auken på 47,4 mill. kr. frå året før kjem for største delen av auke i grunntilskotet og driftstilskotet, medan tilskotet til tørkeskadde strok og kompensasjonstilskotet som var gjevi i 1955—56 har falle bort.

Reglane for tilskota finn ein i Pristidende nr. 13, 18, 21 og 24 for 1956.

Tabell 15. Statstilskot til mjølk og mjølkeprodukt i budsjettåret 1956-57 i kroner.¹

Mjøkessentral	Porskot på riksoppejeret	Direkteleverandørar	Fjell- og gards- smør	Frakttilskot lange makruter	Sertifikat-Noreg	Driftstilskot	Sertifikat-Nordland og Troms	Sertifikat-Finnmark	Tilskot-gards- og sater-ost	Prisredusert smør og ost	Korreksjonar for tenketilskot og kompen- sasjons- tilskot 1955-56	I alt tilskot
Østlandets	103 719 927	838 194	2 171 818	1 935 941	6 361 050	21 012 246	—	—	—	4 907 834	23 856 140 970 866	21
Telemark	6 695 899	1 09 113	1 039 778	232 765	1 273 026	2 351 075	—	—	—	560 671	—	12 262 318
Aust-Agder	2 843 682	81 826	531 040	114 192	480 368	1 300 799	—	—	—	320 372	—	5 672 279
Vest-Agder	5 719 537	141 776	1 119 248	311 603	1 735 832	2 707 302	—	—	—	531 996	—	12 267 294
Vestlandskte	46 630 476	687 058	3 777 168	1 646 604	1 1 512 801	14 959 011	—	—	—	3 292 246	24 545	82 529 909
More og Romsdal	10 172 969	582 312	595 008	1 289 856	5 050 840	6 077 094	—	—	—	1 730 335	—	25 498 414
Trøndelag	26 703 574	223 534	3 793 881	978 277	4 224 354	9 744 477	1 395	—	—	2 481 206	5 237	48 155 935
Nord-Norges Finnmarksmeieria	11 871 256	1 024 510	1 391 790	1 422 346	—	7 959 472	9 918 339	—	—	2 004 757	—	35 592 464
Norske Meieriers Salgsentral	830 060	107 194	4 249	274 722	—	604 959	3 188 874	—	—	148 993	—	5 159 051
Riket 1956-57	215 187 371	3 795 517	14 536 681	8 206 300	30 658 434	66 716 435	9 922 137	3 188 874	756 326	—	9 507	901 100
» 1955-56	182 579 564	3 836 322	13 346 545	7 948 481	26 701 218	30 361 037	8 739 793	1 787 796	937 735	10 958 563	34 384 091	321 581 145
» 1954-55	175 119 860	3 018 111	12 174 611	7 416 746	22 123 919	23 824 498	8 068 305	1 342 373	1 028 885	11 879 566	—	266 056 868

¹ Oppgåve fra Landbruksdepartementet.

c. Driftsresultatet.

I dei fylgjande oppgåvene over det økonomiske resultatet av drifta har ein ikkje teki med kondenseringsfabrikkane utan at dei er serskilt nemnde.

Samla bruttovinning er summen etter at omsetnads- og utjamningsavgiftene er frådregne og utjamningstilskota er medtekne i intektene. Vidare er verdet av mjølk og fløyte frå andre meieri frådregi både i brutto- og nettovinninga. Tabell XI gjev oppgåver for dei einskilde fylka over bruttovinning, nettovinning og driftsutgifter i kroner i alt og i øre pr. kg mjølk. Bruttopris, driftsutgifter og nettopris i øre pr. kg mjølk er utrekna på den mjølkemengd som er motteken beinveges frå leverandørane. I dei fylka som har teki mot suppleringsmjølk frå andre fylke, vil difor bruttoprisen og driftsutgiftene utrekna i øre pr. kg mjølk beinveges frå leverandørane vera noko høgre enn tala for dei einskilde meieria i tabell XIV, av di bruttovinninga og driftsutgiftene ved stellet med suppleringsmjølka kjem i tillegg. For dei fylka som sende suppleringsmjølk til andre fylke vert det omsnudd. Såleis syner tabell XI at driftsutgiftene for Akershus, utrekna i øre pr. kg vert serleg høge av di dette fylke får mykje suppleringsmjølk frå andre fylke. For Akershus var utrekna driftsutgift i alt i 1956 27,17 øre pr. kg innvegen mjølk. Reknar ein om på grunnlag av samla mjølkeomsetnad ved meieria i Akershus, vert talet 11,57 øre pr. kg.

Tabell 16. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria. Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

År	Kroner i alt			Øre pr. kg mjølk		
	Bruttovinning av mjølka	Driftsut- gifter	Netto- vinning av mjølka	Brutto- pris	Drifts- utgift	Netto- pris
1925	124 948 768	17 334 096	107 614 672	35,6	4,9	30,7
1930	81 097 446	17 104 143	63 993 303	20,2	4,3	15,9
1935	94 146 978	17 659 211	76 487 767	17,88	3,35	14,53
1938	151 414 838	24 819 461	126 595 377	21,70	3,56	18,14
1945	149 792 975	27 789 813	122 003 162	44,48	8,23	36,25
1950	538 308 239	77 685 235	460 623 004	55,03	7,94	47,09
1953	688 130 442	106 247 871	581 882 571	65,41	10,10	55,31
1954	724 157 623	112 897 709	611 259 914	69,66	10,86	58,80
1955	787 228 206	125 351 956	661 876 250	75,06	11,95	63,11
1956	943 885 878	139 365 835	804 520 043	83,91	12,39	71,52

Tabell 17. Mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria i relative tal når 1938 = 100.
Kondenseringsfabrikkar ikkje med.

År	Innvegen mjølke- mengd	Kroner i alt			Øre pr. kg mjølk		
		Brutto	Drifts- utgifter	Netto	Brutto	Drifts- utgifter	Netto
1945	48,3	98,9	112,0	96,4	205,0	231,2	199,8
1950	140,2	355,5	313,0	363,9	253,6	223,0	259,6
1953	150,8	454,5	428,1	459,6	301,4	283,7	304,9
1954	149,0	478,3	454,9	482,9	321,0	305,1	324,1
1955	150,3	519,9	505,1	522,8	345,9	335,7	347,9
1956	161,2	623,4	561,5	635,5	386,7	348,0	394,3

Tabell 16 syner bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning i kroner i alt og i øre pr. kg mjølk frå 1925 til 1956. For å syna utviklinga dei seinare åra har ein i tabell 17 stelt saman oppgåver i relative tal over innvegen mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria utanom kondenseringsfabrikkane for åra 1945—1956 og sett 1938-tala til 100.

Samanlikna med 1938 (sett til 100) syner det seg at mjølkemengda i 1956 har auka til 161,2 medan bruttovinninga i kroner har auka til 623,4 og bruttoprisen (bruttovinninga i øre pr. kg mjølk) til 386,7. På same tid hadde netttoprisen auka relativt til 394,3. Driftsutgiftene i øre pr. kg mjølk auka relativt til 348,0. Auken for desse er såleis noko mindre.

Bruttovinning.

Bruttovinninga ved meieria var 943,9 mill. kr. i 1956 mot 787,2 mill. kr. i 1955. Dette svarar til 83,91 og 75,06 øre pr. kg innvegen mjølk. Av dei 943,9 mill. kr. var 8,1 mill. kr., eller 0,86 prosent, netto frå anna verksemd. Som anna verksemd er rekna mjølkeutsal, innkjøpslag, rente og husleigeinntekter m. v. Nokre meieri har ikkje skilt ut fullstendig anna verksemd. Ein reknar difor med at nettovinninga av denne ligg noko høgre enn det ein har fått fram. Fylkestal over summane er tekne med i tabell XI.

Driftsutgifter.

Driftsutgiftene var i 1956 i alt 139,4 mill. kr. eller 12,39 øre pr. kg innvegen mjølk mot 125,4 mill. kr. eller 11,95 øre i 1955.

Tabell 18, driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane, syner at løner med pensjons- og trygdepremie m. v. svarar til om lag tredjeparten av alle driftsutgifter, medan utgiftene til brensel, kraft, vatn og kjøling utgjer om lag ein tiendepart. Utgiftene til frakt og køyring er dei transportutgiftene meieria har på mjølk og mjølkeprodukt etterat mjølka er innvegen. Utgifter til transport av mjølk frå leverandørane til meieri er ikkje medteke i driftsutgiftene til meieria, men er med som serskild post under andre uttreisler til leverandørane. (Sjå meir om dette under den fylgjande bolken om nettovinninga.)

Ein kan elles merka seg at avskrivingane har auka monaleg for kvart år. I 1950 svara desse til 8,8 prosent av alle driftsutgifter og i 1956 til 14,8 prosent. Samtidig har renter av gjeld stige sterkt og utgjorde i 1956 2,6 prosent. Vedlikehald utgjorde 10,3 prosent.

Tabell 18.

Spesifiserte driftsutgifter ved meieria.

Driftsutgifter	1950	1953	1954	1955	1956	1950	1953	1954	1955	1956	1950	1953	1954	1955	1956
	Kroner i alt.						Øre pr. kg innvegen mjølk.					Relative tal.			
Løner	33 979 539	36 352 754	39 920 957	44 038 586		3,23	3,50	3,81	3,91		32,0	32,2	31,9	31,5	
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	25 639 534	2 014 563	2 254 848	2 658 179	3 605 991	2,62	0,19	0,22	0,25	0,32	33,0	1,9	2,0	2,1	2,6
Brensel	9 299 016	10 942 587	8 099 662	8 257 249	9 906 520	0,95	10,4	0,78	0,79	0,88	12,0	10,3	7,2	6,6	7,1
Kraft, vavn og kjøling			3 404 734	3 880 938	3 760 647		0,33	0,37	0,33			3,0	3,1	2,7	
Emballasje		5 224 927	7 054 179	8 662 678	9 752 824	0,50	0,68	0,82	0,87		4,9	6,3	6,9	7,0	
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	8 599 701	6 741 826	5 214 607	5 222 213	5 546 505	0,88				11,1					
Frakter og køyring	10 009 904	12 089 552	14 289 901	15 593 314	15 365 628	1,02	0,64	0,50	0,50	0,49	12,8	6,3	4,6	4,2	3,9
Kontorutgifter, skattar, assuranse, m. m.	5 105 144	5 688 410	5 483 714	6 090 855	6 854 106	0,52	0,54	0,53	0,58	0,61	6,5	5,3	4,8	4,8	4,9
Diverse		976 640	928 086	683 064	1 241 122		0,10	0,09	0,07	0,11		1,0	0,8	0,6	0,9
Renter av gjeld		1 909 514	2 175 377	3 065 556	3 589 970	0,18	0,21	0,29	0,32			1,8	1,9	2,4	2,6
Forrentning av parts- kapital	577 454	566 751	707 113	752 059	747 977	0,06	0,05	0,07	0,07	0,07	0,8	0,5	0,6	0,6	0,6
Avskrivning på meieri- bygg og utstyr	6 871 071	14 090 352	15 767 406	18 502 005	20 570 624	0,70	1,34	1,51	1,76	1,83	8,8	13,3	14,0	14,7	14,8
Vedlikehold	11 583 411	12 023 210	11 165 328	12 062 889	14 385 337	1,19	1,14	1,07	1,15	1,28	15,0	11,3	9,9	9,6	10,3
I alt	77 685 235	106 247 871	112 897 709	125 351 956	139 365 835	7,94	10,10	10,86	11,95	12,39	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Nettovinning.

Samla nettovinning av meieridrifta (utanom kondenseringsfabrikkane) var i 1956 804,5 mill. kr. svarande til 71,52 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1955 var nettovinninga 661,9 mill. kr. eller 63,11 øre pr. kg mjølk.

Tabell 19. Nettovinning av meieridrifta.
Pengar i alt til disposisjon og korleis desse er nyttta.

År	1 000 kröner						
	Nettovinning av drifta	Overfört frå året før	I alt til disposi- sjon	Utbetalt til leverandørane	Andre utreisler til leveran- dørane	Til andre føremål	Under- skot
1938	126 595	—	126 595	123 531	—	3 122	58
1940	145 061	—	145 061	141 576	441	3 109	65
1945	122 066	—	122 066	116 846	444	4 789	13
1950	460 623	—	460 623	438 460	4 981	17 202	20
1953	581 883	1 344	583 227	550 220	18 977	14 042	12
1954	611 260	1 799	613 059	579 923	18 681	14 455	—
1955	661 876	2 131	664 007	631 367	20 364	12 364	88
1956	804 520	1 915	806 435	768 859	22 759	14 817	—
Øre pr. kg innvegen mjølk.							
1938	18,15	—	18,15	17,71	—	0,45	0,01
1940	22,56	—	22,56	22,02	0,07	0,48	0,01
1945	36,25	—	36,25	34,70	0,13	1,42	—
1950	47,09	—	47,09	44,82	0,51	1,76	—
1953	55,31	0,13	55,44	52,31	1,80	1,33	—
1954	58,80	0,17	58,97	55,78	1,80	1,39	—
1955	63,11	0,20	63,31	60,20	1,94	1,18	0,01
1956	71,52	0,17	71,69	68,35	2,02	1,32	—
Relative tal.							
1938	100,0	—	100,0	97,5	—	2,5	—
1940	100,0	—	100,0	97,6	0,3	2,1	—
1945	100,0	—	100,0	95,7	0,4	3,9	—
1950	100,0	—	100,0	95,2	1,1	3,7	—
1953	99,8	0,2	100,0	94,3	3,3	2,4	—
1954	99,7	0,3	100,0	94,6	3,0	2,4	—
1955	99,7	0,3	100,0	95,1	3,1	1,8	—
1956	99,8	0,2	100,0	95,4	2,8	1,8	—

Ved meieria som i andre samyrkeorganisasjonar, er det årsmøtet som endeleg fastset korleis nettovinninga skal nyttast. Mange meieri fører noko av vinninga over til året etter, slik at det først vert årsmøtet dette året som avgjer kva pengane skal brukast til. Dei summane som står til disposisjon vil såleis vera noko større enn nettovinninga av drifta i året. I tabell 19 har ein teki med nettovinning av meieridrifta, pengar i alt til disposisjon og korleis desse er delte på ymse hovudpostar. I publikasjonane for 1953, 1954 og 1955 har ein ikkje slik spesifisering. Det som var overfört vart då medrekna i nettovinninga.

Ein del av nettovinninga blir ikkje utbetalt leverandørane direkte, men er nyttta til nytt utstyr og nybygg, fonds eller andre føremål som kjem leverandørane til godes. Noko blir og gjevi bort som tilskot til t. d. ymse sosiale føremål, gåver o. l.

Det som i alt står til disposisjon er delt på tre hovudpostar, nemleg: 1. Utbetalt til leverandørane. 2. Andre utreisler til leverandørane. 3. Til andre føremål. I tabell 19 har ein sett opp desse postane frå 1938 til 1956.

Summane som er utbetalt leverandørane i 1956 femner om statens sertilskot til visse distrikt, statens driftstilskot, mjølkepengar som er utbetalt i året og etterskot. Dessutan vart det til og med februar 1956 gjevi eit ekstra tilskot i samband med tørkeskadane i 1955. Driftstilskotet som er rekna med i 1956 gjeld for driftsåret 1955—56. Dette vert utbetalt under eitt som etterskot for budsjettåret. Resten av statstilskota (grunntilskot medrekna) er inkluderte i mjølkepengane som blir utbetalt kvar månad.

Tabell 20. Utbetalt leverandørane.
Kroner i alt.

Ar	Statens sertilskot	Statens tilskot til tørke- skada strok	Statens driftstilskot	Utbetalte mjølkepengar i året ¹	I alt
1953	16 840 046	—	21 293 674	512 086 485	550 220 205
1954	22 129 353	—	21 640 299	536 153 363	579 923 015
1955	31 138 496	10 730 185	27 827 629	561 671 035	631 367 345
1956	35 918 397	6 965 166	34 951 817	691 024 280	768 859 660
Øre pr. kg innvegen mjølk.					
1953	1,60	—	2,02	48,68	52,30
1954	2,13	—	2,08	51,57	55,78
1955	2,97	1,02	2,65	53,55	60,19
1956	3,19	0,62	3,11	61,43	68,35
Relative tal.					
1953	3,0	—	3,9	93,1	100,0
1954	3,8	—	3,7	92,5	100,0
1955	4,9	1,7	4,4	89,0	100,0
1956	4,7	0,9	4,5	89,9	100,0

¹ Inklusivt Statens grunntilskot m. v.

Andre utreisler til leverandørane femner om tiltak som tener til å få mjølka fram til meieriet, til å auka mjølkeproduksjonen og gjera denne meir lønsam for leverandørane. Dei to største postane gjeld køyring av leverandørane si mjølk til meieriet. Statens tilskot til inntransport av mjølk er eit tilskot som skal dekkja den parten av transportutgiftene for mjølklevering til meieriet som er meir enn 2 øre pr. kg. Tilskotet er likevel avgrensa oppover etter nærmare reglar. Ein del av meieria betalar heilt eller delvis den luten av utgiftene til inntransport som overstig statens tilskot, medan andre ikkje betalar noko. Kor stor del av transportutgiftene som fell direkte på leverandørane har ein ikkje noko oversyn over. I statistikken er statens tilskot og meieriets tilskot til inntransport spesifiserte kvar for seg. Vidare har ein spesifisert utgifter til fjøskontrollaga og frå 1953 har ein skilt ut ein diversepost som femner om fealstiltak, dyrlækjarkontroll m. v.

Tabell 21. Andre utreisler til leverandørane.
Kroner i alt.

År	Statens tilskot til inntransport av mjølk	Meieriets tilskot til inntransport av mjølk	Utgifter til fjøsrekneskapslaga	Diverse	I alt
1953	10 494 730	5 860 539	2 528 297	93 037	18 976 603
1954	7 707 916	6 963 755	3 703 980	305 383	18 681 034
1955	7 726 566	8 184 912	4 208 307	244 113	20 363 898
1956	9 017 191	9 872 747	3 494 598	374 662	22 759 198
Øre pr. kg innvegen mjølk.					
1953	0,99	0,56	0,24	0,01	1,80
1954	0,74	0,67	0,36	0,03	1,80
1955	0,74	0,78	0,40	0,02	1,94
1956	0,80	0,88	0,31	0,03	2,02
Relative tal.					
1953	55,3	30,9	13,3	0,5	100,0
1954	41,3	37,3	19,8	1,6	100,0
1955	37,9	40,2	20,7	1,2	100,0
1956	39,6	43,4	15,4	1,6	100,0

Den parten av nettovinninga som går til andre føremål er delt på fem ein-skildpostar. Den fyrste av desse, «Avsetnad til fonds», femner og om summar som er nytta til avdrag på gjeld. Vidare har ein posten — «Avsetnad til nytt utstyr og nybygg». Posten «Ymse tilskot» femner hovudsakeleg om løyvingar til sosiale føremål som samfunnshus o. l. medan «Diverse» for det meste gjeld gåver o. l.

Tabell 22. Nytt til andre føremål.
Kroner i alt.

År	Avsetnad til fonds	Avsetnad til nytt utstyr og nybygg	Ymse tilskot	Diverse	Førd over til komande driftsår	I alt
1953	5 169 428	5 854 218	134 532	102 459	2 781 314	14 041 951
1954	5 392 827	5 940 756	192 650	151 224	2 777 341	14 454 798
1955	6 060 597	3 262 837	304 630	167 807	2 568 015	12 363 886
1956	7 638 054	3 604 750	392 397	495 388	2 686 091	14 816 680
Øre pr. kg innvegen mjølk.						
1953	0,49	0,56	0,01	0,01	0,26	1,33
1954	0,52	0,57	0,02	0,01	0,27	1,39
1955	0,58	0,31	0,03	0,01	0,25	1,18
1956	0,68	0,32	0,04	0,04	0,24	1,32
Relative tal.						
1953	36,8	41,7	1,0	0,7	19,8	100,0
1954	37,3	41,1	1,3	1,1	19,2	100,0
1955	49,0	26,4	2,5	1,3	20,8	100,0
1956	51,6	24,3	2,6	3,4	18,1	100,0

I tillegg til oppgåvene over nettovinninga av mjølka kjem og det som er utbetalt til leverandørane for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane. I 1956 tok kondenseringsfabrikkane beinveges mot 11 196 753 kg mjølk og betalte ho med kr. 7 625 271 eller 68,10 øre pr. kg.

Tabell 23. Mengd og utbetaling for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane.

Ar	Innvegen mjølk kg	Utbetalt kr.	Øre pr. kg
1925	35 713 186	11 327 112	31,72
1930	25 416 430	4 340 682	17,08
1935	9 655 982	1 384 543	14,34
1939	11 928 116	2 144 014	17,97
1945	5 153 593	1 821 412	35,34
1950	13 282 696	6 090 223	45,85
1953	12 272 465	6 300 896	51,34
1954	12 550 221	7 069 840	56,33
1955	11 855 739	7 013 362	59,16
1956	11 196 753	7 408 052	66,16

Som tabell 23 syner, har mengda av mjølk beinveges innvegen ved kondenseringsfabrikkane gått mykje ned sidan 1925—30, men har halde seg relativt jamt dei siste åra.

Den fylkesvise oppgåva i tabell XI og oppgåvene i tabell 16, side 22, syner at nettovinninga for mjølk innvegen ved meieri i 1956 var kr. 804 520 043. Saman med utbetalinga for mjølk levert beinveges til kondenseringsfabrikkane, blir samla nettovinning kr. 812 145 314. Det svarer til 71,48 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1955 var nettovinninga kr. 668 889 612 eller 63,06 øre pr. kg. Nettovinninga har altså auka med 8,42 øre pr. kg innvegen mjølk frå 1955 til 1956.

Tabell 24.
Nettovinning av mjølka.
Kondenseringsfabrikkane er med.

Ar	I alt kr.	Øre pr. kg	Relativ pris pr. kg når 1938 = 100
1913	33 129 000	11,35	62,6
1925	107 614 672	30,58	168,7
1930	68 333 985	15,98	88,1
1935	77 872 310	14,53	80,1
1938	128 785 059	18,13	100,0
1945	123 824 574	36,22	199,8
1950	466 713 227	47,08	259,7
1953	588 183 467	55,27	304,9
1954	618 329 754	58,77	324,2
1955	668 889 612	63,06	347,8
1956	811 928 095	71,47	394,3

Ved utrekningane pr. kg innvegen mjølk er den innvegne fløyten omrekna til heilmjølk, men verdet av magermjølka etter fløyteleveringa kjem ikkje med i rekneskapen for mjølka.

Ved nokre smørmeieri kjem verdet av skumamjølk og saup heller ikkje med i rekneskapen av di kvar leverandør får skumamjølk og saup gratis tilbake i høve til mjølkemengda han har levert. Skulle difor ei samanlikning mellom nettoprisane for dei einskilde fylka bli heilt rett, måtte verdet av desse produkta koma i tillegg til den nettoprisen som er sett opp i tabellane XI og XIII.

**Tabell 25. Gratis retur av skumamjølk og saup, magermjølk etter fløytelevering i 1956.
Verdsett etter 10,0 øre pr. kg.**

Fylke	Gratis returnert skumamjølk og saup	Mager-mjølk etter fløytelevering	I alt	Verd av gratis returnert skumamjølk og saup	Verd av mager-mjølk etter fløytelevering	I alt	Verd utrekna pr. kg innvegen mjølk
Østfold	Tonn	Tonn	Tonn	Kr.	Kr.	Kr.	Øre
Akershus og Oslo	—	—	—	—	—	—	—
Hedmark	2 108	974	3 082	210 800	97 400	308 200	0,3210
Oppland	—	182	182	—	18 200	18 200	0,0157
Buskerud	—	685	685	—	68 500	68 500	0,1380
Vestfold	—	—	—	—	—	—	—
Telemark	—	761	761	—	76 100	76 100	0,2533
Aust-Agder	—	581	581	—	58 100	58 100	0,4806
Vest-Agder	—	1 659	1 659	—	165 900	165 900	0,5923
Rogaland	1 271	—	1 271	127 100	—	127 100	0,0823
Hordaland og Bergen	—	—	—	—	—	—	—
Sogn og Fjordane	6 211	25	6 236	621 100	2 500	623 600	1,3039
Møre og Romsdal	—	43	43	—	4 300	4 300	0,0055
Sør-Trøndelag	—	93	93	—	9 300	9 300	0,0115
Nord-Trøndelag	2 334	86	2 420	233 400	8 600	242 000	0,3189
Nordland	—	196	196	—	19 600	19 600	0,0471
Troms	—	54	54	—	5 400	5 400	0,0146
Finnmark	186	16	202	18 600	1 600	20 200	0,3308
Riket	12 110	5 355	17 465	1 211 000	535 500	1 746 500	0,1553

Tabell 25 syner at mengda av gratis returnert skumamjølk og saup og magermjølk etter fløytelevering skifta mykje frå fylke til fylke både i absolutt mengd og i høve til mengda av innvegen mjølk.

Serleg må ein merka seg Sogn og Fjordane fylke. Her svarer verdet til 1,30 øre pr. kg innvegen mjølk eller 1,8 prosent i tillegg til utrekna nettovinning for dette fylke.

12. Meieria grupperte etter produksjon.

Ein har gruppert meieria etter kva mjølkefiettet er nyttat til (unnateki gamalostysteri). Tidlegare vart det kravt at minst 90 prosent av mjølkefiettet måtte vera brukt til den produksjon som var sermerkt for vedkomande gruppe. Etter kvart som produksjonen ved dei einskilde meieria vart meir samansett, vart det i mange høve tvil om kva for gruppe ein skulle rekna eit meieri til. Frå og med 1951 har ein difor endra grupperingsreglane noko. Krava er no at minst 75 prosent av mjølkefiettet (ved mysostkokeria berre 50 prosent) blir nyttat i den produksjon som er sermerkt for gruppa. Gruppa smør- og ostemeieri har gått heilt ut. Dei meieria som ikkje er medtekne i

noka sergruppe, er samla i gruppa «blanda drift». Tabell 26 syner at talet på meieri i denne gruppa har auka monaleg frå 1950 til 1956.

Ein har nemnt meir om grupperinga i den fylgjande bolken om sergruppene. I tabell I er meieria grupperte etter kva mjølkefeittet er nytta til for kvart einskilt fylke og for heile riket.

Tabell 26. Meieria etter produksjonsgrupper.

	1950	1951	1952	1953	1954	1955	1956
Mjølkesalsmeieri	39	51	50	46	47	51	44
Samlestasjonar	182	183	174	162	136	122	120
Smørmeieri	37	30	28	26	20	17	20
Fløytemeieri	13	12	7	6	4	4	—
Sætermeieri	3	2	1	1	1	1	1
Mysostkokeri	33	23	31	16	22	17	16
Smør- og ostemeieri . . .	74	—	—	—	—	—	—
Gamaloststysteri	7	5	2	3	4	5	5
Meieri med blanda drift	77	149	149	171	166	166	172
Kondenseringsfabrikkar	3	3	3	3	3	3	3
Meieri i alt	468	458	445	434	403	386	381

III. Driftsforma ved dei einskilde meieria.

I tabell I har ein delt meieria i produksjonsgrupper. Desse gruppene har ein arbeidd vidare med, og det er rekna ut nokre medeltal for kvar gruppe. Då utviklinga har ført til allsidigare drift ved fleire meieri, har det etter kvart vorti vanskelegare å få skarpt åtskilde grupper. I dei fylgjande tabellar er det stilt saman medeltal for kvar driftsgruppe og kvar gruppe er og delt i undergrupper etter storleiken av meieria. I tabell XIV er det inntekti nokre oppgåver for kvart einskilt meieri og tilsvarende oppgåver for kvar gruppe og undergruppe.

Utrekningane over mjølkeforbruket ved produksjonen er grunna på mengd mjølkefeitt i dei einskilde produkta, og ein har nytta dei feitt-tala som Norske Melkeprodusenters Landsforbund har sett opp til det bruk. Dei tala som gjeld no, vart nytta fyrste gongen i 1952 og går ut frå ein feittprosent i kumjølka på 3,80. På det grunnlaget er det utrekna kor mange feitteiningar det går med til produksjon av eitt kilo smør og av eitt kilo av dei ymse osteslagta. Ein reknar fylgjande tal feitteiningar pr. kg:

Fløyte 10 prosent	10,6	feitteiningar
» 20 »	21,0	»
Krem 35 »	36,4	»
Smør	85,0	»
Sveitsarost F. 45	40,4	»
Edamost { F. 45	32,0	»
Gaudaost { H. 30	18,8	»
Nøkkelost { K. 20	12,2	»
Normannaost M. 10	5,6	»
	31,5	»

Ekte geitost	F.G. 33		27,0	feitteiningar
Blanda geitost	B.G. 33			
Gudbrandsdalsost	G. 35	32,3	»
Heilfeit fløytemysost	F. 33	27,0	»
Halvfeit »	H. 20	16,4	»

I tabell XIV har ein ved sida av nettovinninga teki med oppgåve over serskilde statstilskot i øre pr. kg mjølk både for kvart meieri og for kvar gruppe. Desse tilskota som femner om statens sertilskot til visse distrikt, stats-tilskot til tørkeskada strok, driftstilskot og statens tilskot for inntransport av mjølk til meieri, skifter nemleg svært mykje frå distrikt til distrikt. Ved samanlikning av nettovinninga for dei einskilde meieri og meierigrupper må ein difor taka omsyn til storleiken av desse tilskota.

Ein annan ting som gjer samanlikning mellom dei einskilde meieri og grupper vanskeleg, er at betalinga for geitemjølk er mykje høgre enn for kumjølk. Når geitemjølka i prosent av innvegen mjølk i alt skifter mykje frå meieri til meieri, vil det verka på utrekna nettovinning.

Vidare vil ein nemne at nokre meieri har etter måten store inntekter av «andre verksemder» som transportavdeling, innkjøpslag, potetkokings- og halmlutingsanlegg m. v. Det gjer og sitt til at ein ikkje utan vidare kan samanlikne oppgåvene over nettovinninga pr. kg mjølk.

Dei årsoppgåver ein har, gjev diverre ikkje noko grunnlag for å seia kor mykje mengda av geitemjølk og inntekter frå andre verksemder verkar på nettovinninga.

1. Mjølkesalsmeieri.

Dei meieri som er med i denne gruppa har selt minst 75 prosent av mjølka i småsal (konsumsal) som mjølk og fløyte. I medeltal for heile gruppa vart 85,6 prosent av mjølka omsett på denne måten.

I 1956 var det 43 mjølkesalsmeieri og i medeltal var samla mjølkeomsetnad pr. meieri 9 011 tonn. I 1955 var det 51 mjølkesalsmeieri med 7 969 tonn mjølk i medel. 47,3 prosent av mjølka var innvegen frå andre meieri mot 47,2 prosent i 1955. Av overskotsmjølka er 4,5 prosent seld til industribruk, 2,3 prosent til andre meieri medan 7,6 prosent er nytta til produksjon av smør og ost.

Tabell 27. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved mjølkesalsmeieria i 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Av innvegen mjølkemengd er mottatte frå andre meieri pct.	Utnytting i pct.				Pct. returnert skumamjølk og saip	Drifts- utgifter frå pr. kg mjølk	Netto- vinning frå pr. kg mjølk	Av dette statens sertilskot. pr. kg mjølk
			Konsum- sal	Sal til industri- forbruk	Sal til andre meieri	Produk- sjon				
Mindre enn 500	4	31,1	97,4	1,0	1,6	—	10,9	8,73	68,11	4,64
500—1000 ..	1	32,4	100,0	—	—	—	—	25,33	96,66	26,66
1000—2000 ..	11	34,9	95,2	2,1	0,2	2,5	7,3	11,42	79,94	11,56
2000—5000 ..	13	28,3	92,1	4,4	1,1	2,4	7,1	11,41	78,89	12,92
5000 og meir .	14	50,5	84,2	4,7	2,6	8,5	10,6	12,89	69,89	4,89
Riket	43	47,3	85,6	4,5	2,3	7,6	10,1	12,68	71,78	6,47

I 1956 hadde mjølkesalsmeieria ei nettovinning på 71,78 øre pr. kg mjølk og driftsutgiftene var i medeltal 12,68 øre pr. kg. Av driftsutgiftene merker ein seg at utgifter til frakter og køyring er etter måten store ved mjølkesalsmeieria. Av samla nettovinning var 6,47 øre sertilskot frå staten. Storleiken av tilskota skiftar mykje både etter distrikt og etter mjølkemengda pr. leverandør (driftstilskotet). I gruppa 500—1 000 tonn har ein berre med eitt meieri, og då dette ligg i Finnmark, er både driftsutgifter, nettovinning og statstilskot mykje større her enn for dei andre gruppene. Elles ser ein at skilnaden i nettovinning i stor mon heng saman med storleiken av statstilskota.

2. Samlestasjonar.

For å vera med i denne gruppa må vedkomande meieri vera tilslutta eit større sentralmeieri og all innvegen mjølkemengd må vera seld som mjølk og fløyte.

Det meste av mjølka blir levert til sentralmeieriet, men noko blir og seld til konsum på staden. I 1956 vart 24,3 prosent seld på denne måten.

Samlestasjonane er ikkje tekne med i tabell XIV. I 1956 var det 120 samlestasjonar mot 122 i 1955. Tabell 28 syner nokre medeltal for gruppa.

Tabell 28. Mjølkemengd pr. meieri, mjølkesal, driftsutgifter og nettovinning ved samlestasjonane i 1956.

	Mindre enn 250 tonn	250— 500 tonn	500— 1000 tonn	1000— 2000 tonn	2000 tonn og meir	Riket
Meieri som er med	33	25	28	17	17	120
Innvegen mjølkemengd pr. meieri i tonn	152	386	740	1 225	3 736	998
Konsumsal på staden, prosent ..	13,0	9,3	17,2	33,7	26,6	24,3
Levert til andre meieri, prosent ..	87,0	90,7	82,8	66,3	73,4	75,7
Driftsutgifter i alt, øre pr. kg ..	4,70	4,52	4,79	5,12	5,27	5,08
Nettovinning øre pr. kg ..	72,22	70,07	70,90	69,91	68,04	69,19
Av dette statens sertilskot, øre pr. kg ..	9,95	6,62	6,70	6,49	3,53	5,10

Innvegen mjølkemengd pr. meieri var 998 tonn mot 1 102 tonn i 1955. I medeltal hadde gruppa ei nettovinning på 69,19 øre pr. kg mjølk, og driftsutgiftene var 5,08 øre pr. kg. Av nettovinninga var 5,10 øre serskilde statstilskot. Årsaka til dei høge statstilskota for dei minste samlestasjonane heng saman med at ein fyrst og fremst finn desse i Hordaland, der mjølkeprodusentane utanom driftstilskot og har krav på ekstra statstilskot til fjord- og fjellbygder i Sør-Noreg.

Dei største utgiftspostane ved samlestasjonane er løner og sosiale utreisler med 35,8 prosent, frakter og køyring med 20,5 prosent og avskriving på meieribyg- og utstyr med 14,4 prosent.

3. Smør- og fløytemeieri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 75 prosent av innvegen mjølkemengd til kining. Tidlegare har denne gruppa vori delt i smørmeieri og fløytemeieri, alt etter som største delen av mjølkemengda var

innvegen som mjølk eller fløyte. Fløyten er omrekna til heilmjølk med feitt prosent svarande til feittprosenten i mjølka som leverandørkrinsen leverer.

Nokre meieri som etter definisjonen framfor skulle bli rekna som smørmeieri (gamalostyteria) er skilt ut som eiga gruppe, medan dei meieria som er med her, sender det meste av skumamjølka tilbake til leverandørane. Mange meieri returnerar skumamjølka gratis, og verdet av denne kjem då ikkje med i nettovinninga. Dette må ein vera merksam på når ein skal samanlikne med andre meierigrupper. Sjå meir om dette i bolken om det økonomiske resultat av meieridrifta.

I 1956 var det 20 smør- og fløytemeieri, same talet som i 1955. I medel for heile gruppa vart 86,8 prosent av mjølka nytta til smørproduksjon, 11,0 prosent var konsumsal, sal til andre meieri og sal til industribruk og 2,2 prosent gjekk til annan produksjon. 71,0 prosent av skumamjølka vart returnert til leverandørane. Både returnert skumamjølk i det heile og mengda av gratis returnert skumamjølk er relativt størst ved dei mindre meieria.

Tabell 29. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved smør- og fløytemeieria i 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som med Feittpct. i ku- mjølka	Utnytting i pct.					Kg smør pr. 100 kg heilmjølk til pro- duksjon	Pct. returnert skumamjølk og saupi	Pct. gratis returnert skuma- mjølk og saupi	Driftsutgift øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens statistikket øre pr. kg mjølk
		Sal til kon- sum	Sal til andre meieri og industri	Smørprodu- ksjon	Annar produk- ksjon							
Mindre enn 500	1	3,64	3,5	—	96,5	—	4,12	91,1	0,6	9,52	65,76	10,33
500—1000	5	3,90	4,6	0,8	94,6	—	4,52	87,9	49,8	6,49	65,41	11,22
1000 og meir	14	4,06	7,4 ²	4,3	85,9	2,4	4,68	69,0	16,0	6,47	73,21	11,34
Riket	20	4,04	7,1 ³	3,9	86,8	2,2	4,66	71,0	19,0	6,50	72,38	11,32

¹ Prosenten er utrekna av summen av innvegen mjølk og mjølk motteki frå andre meieri. ² Av dette 0,2 pct. til industriforbruk. ³ Av dette 0,1 pct. til industri-forbruk.

I medel for 1956 hadde smørmeieria ei nettovinning på 72,38 øre pr. kg og driftsutgiftene var 6,50 øre pr. kg. Den største storleiksgruppa har den høgste nettovinninga. Dette kjem, utanom betre teknisk utstyr ved dei store meieria, av at dei minste meieria returnerar magermjølk gratis i større mon enn dei store meieria. Dei største meieria har og hatt det største statstilskotet. Serskilde statstilskot for smørmeieria var i medeltal 11,32 øre pr. kg innvegen mjølk.

4. Sætermeyeier.

Denne gruppa har med meieri som får all mjølka si frå sætrar. Driftstida blir difor svært stutt, til vanleg berre frå 2½—4½ månad. Statistikken har i 1956 berre med 1 sætermeyeieri i Hordaland og driftstida var vel 4 månader.

5. Mysostkokeri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 50 prosent av mjølka til produksjon av ekte og blanda geitost og fløytemysost. Ostestoffet blir i stor mon nyttta til kasein.

I 1956 var det 16 meieri med i denne gruppa mot 17 i 1955. Mange av desse meieria ligg på grensa mot gruppa «Meieri med blanda drift». I medel var det i 1956 2 731 tonn innvegen mjølk mot 2 750 tonn i 1955. Av den innvegne mjølka var 14,7 prosent geitemjølk mot 12,7 prosent i 1955. I medel for alle mysostkokeria vart 60,1 prosent av mjølkefeittet nytt til produksjon av ekte og blanda geitost og mysost mot 62,5 prosent i 1955. Til smørproduksjon vart det i 1956 nytt 16,5 prosent mot 11,7 prosent i 1955.

Tabell 30. Korleis mjølka er nytt til produksjon og økonomisk resultat av drifta ved mysostkokeria i 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som med	Geitemjølk i pct. av innvegen mjølkemengd	Utnytting i pct.				Pct. returnert skumamjølk og saup	Driftsutgifter øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertiskot øre pr. kg mjølk
			Konsumsal	Sal til andre meieri og industriforbruk	Smørproduk- sjon	Mysost- produksjon				
Mindre enn 2000 .	7	23,0	7,9	¹ 6,5	23,1	62,5	12,7	15,03	83,01	13,63
2000—3000	4	14,6	8,7	20,1	18,3	52,9	16,8	12,36	76,55	10,50
3000 og meir	5	11,8	8,6	15,5	13,5	62,4	12,8	9,66	80,74	12,38
Riket	16	14,7	8,5	14,9	16,5	60,1	13,8	11,40	80,15	12,16

¹ Av dette 0,1 pct. til industriforbruk.

Tabell 30 syner at storleiksgruppa med mindre enn 2 000 tonn mjølk har høgste nettovinninga. Dette kjem av at gruppa har det høgste statstilskotet og at den relativt sett har mykje meir geitemjølk enn dei andre gruppene. Når gruppa 2 000—3 000 kg har mykje lågare nettovinning enn dei to andre, kan det, omfram skilnad i statstilskot, koma av at meir av mjølka er seld til andre meieri og mindre er nytt til mysostproduksjon. Driftsutgiftene går sterkt ned fra den minste til den største gruppa.

I medel for alle mysostkokeria var nettovinninga 80,15 øre pr. kg, driftsutgiftene 11,40 øre og serskild statstilskot 12,16 øre pr. kg mjølk.

6. Gamalostysteri.

I denne gruppa har ein teke med dei meieria som nytt minst 75 prosent av mjølkefeittet til smørproduksjon og som ystar gamalost av minst 50 prosent av skumamjølka. Skumamjølka elles vart for det meste returnert til leverandørane.

Tabell 31. Korleis mjølka er nytt til produksjon og økonomisk resultat av drifta ved gamalostysteria i 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som med	Utnytting i pct.			Pct. returnert skumamjølk og saup	Driftsutgifter øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertiskot øre pr. kg mjølk
		Konsumsal	Sal til andre meieri	Produksjon				
500—5000	5	7,0	5,3	87,7	22,8	8,86	71,75	10,55

I 1956 var det 5 gamalostysteri, same talet som i 1955. I medel vart det i 1956 innvegi 1 849 tonn heilmjølk pr. meieri. 87,4 prosent av mjølkefeittet er nytta til smørproduksjon og berre 0,3 prosent til annan produksjon.

I 1956 hadde gamalostystera 8,86 øre pr. kg mjølk i driftsutgifter mot 9,50 øre i 1955 og 10,86 øre i 1954. Nettovinninga var 71,75 øre i 1956 mot 63,69 øre i 1955 og serskild statstilskot i same rekjkjefylge 10,55 og 8,38 øre pr. kg mjølk.

7. Meieri med blanda drift.

I denne gruppa har ein samla dei meieria som ikkje kjem med i noka av dei andre gruppene. Drifta ved desse meieria blir difor meir ujamn enn ved dei andre meieria.

Fra 1938 fram til og med 1950 vart denne gruppa delt i to undergrupper og grensa mellom dei var sett ved 40 prosent mjølkesal. I 1951 vart smør- og ostemeieria tekne med i gruppa for blanda drift. Ein fann det då naudsynt å dele gruppa i tre undergrupper etter mengda av mjølkesalet. Ein reknar då med sal både til konsum, industriforbruk og til andre meieri.

a. Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa kjem nær opp til dei reine mjølkesalsmeieria. I medel har dei selt 72,4 prosent av mjølkemengda til konsum, industriforbruk eller til andre meieri, medan 27,6 prosent er nytta til produksjon av smør og ost.

Tabell 32. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat
av drifta ved meieri med blanda drift med meir enn
50 prosent mjølkesal 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Utnytting i pct.				Pct. returnert skumamjølk og saup	Driftsutgifter øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens serilskot øre pr. kg mjølk
		Konsumsal	Sal til industri- forbruk	Sal til andre meieri	Produksjon				
Mindre enn 1000 .	7	38,7	12,2	32,8	16,3	18,2	11,72	70,82	13,24
1000—2000 . . .	19	45,6	2,9	29,0	22,5	20,5	10,75	72,58	10,41
2000—5000 . . .	25	24,7	0,7	43,4	31,2	18,2	9,45	70,58	7,80
Meir enn 5000 . . .	15	50,5	6,3	16,6	27,1	15,0	11,63	70,32	6,61
Riket	66	42,0	4,4	26,0	27,6	16,5	10,90	70,64	7,49

b. Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel selt 40,5 prosent av mjølkemengda til konsum, industriforbruk eller til andre meieri og 59,5 prosent er nytta til produksjon av smør og ost.

Tabell 33. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift med 25 til 50 prosent mjølkesal 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Utnytting i pet.					Driftsutgifter øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens serstilskot øre pr. kg mjølk
		Konsumsal	Sal til indu- striforbruk	Sal til andre meieri	Produksjon	Pct. returnert skumamjølk og saup			
Mindre enn 1000 .	2	16,9	14,4	6,3	62,4	29,9	8,21	74,32	7,52
1000—2000	11	28,4	0,3	11,0	60,3	30,7	11,28	73,41	13,77
2000—5000	34	23,6	2,6	10,6	63,2	29,2	9,96	72,14	10,86
Meir enn 5000 ...	12	32,9	1,1	9,5	56,5	16,5	10,07	71,82	8,22
Riket	59	28,7	1,8	10,0	59,5	22,7	10,09	72,08	9,66

c. Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel selt 14,2 prosent av mjølkemengda, medan heile 85,8 prosent er nytta i smør- og osteproduksjonen.

Tabell 34. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift med mindre enn 25 prosent mjølkesal 1956.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Utnytting i pet.					Driftsutgifter i alt. øre pr. kg mjølk	Nettovinning øre pr. kg mjølk	Av dette statens serstilskot øre pr. kg mjølk
		Konsumsal	Sal til indu- striforbruk	Sal til andre meieri	Produksjon	Pct. returnert skumamjølk og saup			
1000—2000	5	9,3	0,1	2,6	88,0	19,4	10,34	67,90	4,52
2000—5000	30	8,7	0,1	4,8	86,4	26,9	9,88	70,90	8,06
Meir enn 5000 ...	11	8,5	0,9	5,9	84,7	27,2	10,19	68,97	4,42
Riket	46	8,6	0,4	5,2	85,8	26,7	10,03	69,95	6,37

Ei samanlikning mellom dei tre gruppene med blanda drift syner at gruppa med frå 25 til 50 prosent mjølkesal har høgste nettovinninga. Dette kjem av at denne gruppa har det høgste statstilskotet. Gruppa med mindre enn 25 prosent mjølkesal har minste nettovinninga, men også minste statstilskotet. Driftsutgiftene er størst for gruppa med meir enn 50 prosent mjølkesal og minst for gruppa med mindre enn 25 prosent mjølkesal. Ein må elles vera varsam med å samanlikne tala for desse gruppene då drifta er meir ujamn enn for dei andre sergruppene.

8. Hovudtal for produksjonsgruppene.

I dei fylgjande tabellar har ein med nokre av dei viktigaste økonomiske oppgåvene for dei enkelte produksjonsgruppene og samla for alle meieri.

I bolken om smør- og fløytemeieri er det nemnt at når ein samanliknar

Tabell 35. Driftsresultata i 1956 for dei einskilde produksjonsgruppene.

	Produksjonsgruppe					Meieri med blanda drift
	Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar	Smør- og fløytemeieri	Mysostkokeri	Gamalostysteri	
Meieri som er med	43	120	20	16	5	171
Innvegen mjølk pr. meieri, tonn .	9 011	998	1 922	2 731	1 849	4 235
<i>Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre</i>						
Løner	4,01	1,82	2,28	4,29	3,36	3,69
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	0,85	0,47	0,84	2,00	1,38	1,14
Brensel	1,48	0,21	0,65	1,56	0,70	1,14
Kraft, vavn og kjøling	2,41	1,04	0,11	0,22	0,17	0,63
Emballasje	0,77	0,20	0,30	0,39	0,45	0,46
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	0,06	0,18	0,10	0,05	—	0,09
Frakter og køyring	0,19	0,12	0,23	0,16	0,17	0,35
Renter av gjeld	0,06	0,04	0,01	0,01	0,07	0,06
Forrentning av partskapital	1,39	0,73	1,53	1,71	1,48	1,76
Avskrivning på meieribygg og utstyr	1,46	0,27	0,45	1,01	1,08	1,06
I alt	12,68	5,08	6,50	11,40	8,86	10,38
Nettovinning	71,78	69,19	72,38	80,15	71,75	70,99
Av dette statens sertilskot	6,46	5,10	11,32	12,16	10,55	8,00

desse gruppene med andre produksjonsgrupper, må verdet av gratis returnert skumamjølk og saup og magermjølk etter fløytelevering koma i tillegg til utrekna nettovinning.

Ein har ikkje endra eldre oppgåver for nettovinning i samsvar med det nye omfanget av driftsutgiftene frå og med 1953. Forrentning av partskapital og avskrivning på meieribygg og -utstyr vart nemleg ikkje medtekne under driftsutgiftene fram til 1952.

For samanlikninga si skuld skal ein opplyse at i 1952 utgjorde desse

Tabell 36. Driftsutgiftene¹ i øre pr. kg mjølk for dei einskilde produksjonsgruppene for åra 1949 til 1956.

Produksjonsgruppe	1949	1950	1951	1952	1953	1954	1955	1956
Mjølkesalsmeieri	4,60	5,11	8,13	9,09	10,39	11,05	11,74	12,68
Samlestasjonar	2,91	3,21	3,18	3,42	4,05	4,74	5,25	5,08
Smørmeieri	3,27	3,48	4,24	5,05	6,08	5,78	6,24	} 6,50
Fløytemeieri	2,98	4,07	4,83	4,46	4,83	4,93	5,26	
Sætermeieri	12,41	10,90	11,29	—	—	—	—	—
Mysostkokeri	7,27	7,90	9,25	10,21	11,11	11,01	11,84	11,40
Gamalostysteri	5,14	5,27	5,88	—	9,89	10,86	9,50	8,86
Meieri med blanda drift ..	5,17	5,38	6,83	7,65	8,41	8,91	9,76	10,38

¹ Renter av partskapital og avskrivinger ikkje medtekne i driftsutgiftene før 1953.

postane for alle produksjonsgrupper under eitt 1,20 øre pr. kg mjølk, dvs. at tala for driftsutgifter i 1952 går opp med 1,20 øre pr. kg og nettovinninga går tilsvarende ned.

Tabell 37. Den relative fordelinga av driftsutgiftene i 1956
for dei einskilde produksjonsgruppene.

	Produksjonsgruppe					
	Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar	Smør- og fløytemeieri	Mysostkokeri	Gamalostysteri	Meieri med blanda drift
Løner						
Pensjon, trygdepremi og sosiale uttreisler	31,6	35,8	35,1	37,7	37,9	35,5
Brensel	6,7	9,3	12,9	17,5	15,6	11,0
Kraft, vavn og kjøling						
Emballasje	11,7	4,1	10,0	13,7	7,9	11,0
Driftsrekvisita og hjelpemiddel						
Frakter og køring	19,0	20,5	1,7	1,9	1,9	6,1
Kontorutgifter, skattar, assuranser m. m.	6,1	3,9	4,6	3,4	5,1	4,4
Diverse	0,5	3,5	1,5	0,4	—	0,9
Renter av gjeld	1,5	2,4	3,5	1,4	1,9	3,4
Forrentning av partskapital	0,5	0,8	0,2	0,1	0,8	0,6
Avskriving på meieribygg og utstyr	10,9	14,4	23,6	15,0	16,7	16,9
Vedlikehald	11,5	5,3	6,9	8,9	12,2	10,2
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Tabell 38. Nettovinninga¹ i øre pr. kg mjølk for dei einskilde produksjonsgruppene i åra 1949 til 1956.

Produksjonsgruppe	1949	1950	1951	1952	1953	1954	1955	1956
Mjølkesalsmeieri	48,21	50,13	49,94	54,83	58,00	59,86	64,57	71,78
Samlestasjonar	46,50	46,04	48,40	52,77	52,94	56,81	61,00	69,19
Smørmeieri	43,73	44,65	47,42	52,61	53,75	57,20	62,43	72,38
Fløytemeieri	42,59	43,81	42,31	52,74	52,16	59,01	60,74	
Sætermeieri	88,40	81,18	92,04	—	—	—	—	—
Mysostkokeri	48,84	50,08	51,99	58,64	63,00	64,95	70,96	80,15
Gamalostysteri	49,14	48,68	52,11	—	56,15	57,97	63,69	71,75
Meieri med blanda drift	46,90	46,90	49,46	54,21	54,98	58,61	62,66	70,99

¹ Frå 1953 vart renter av partskapital og avskrivingar medtekne i driftsutgiftene, og nettovinninga gjekk då tilsvarende ned. I 1952 utgjorde desse postane i gjennomsnitt 1,20 øre pr. kg mjølk.

IV. Investeringar.

I 1956 vart det brukt 52,8 mill. kr. til investeringar ved meieria mot 54,9 mill. kr. i 1955. Av investeringane i 1956 gjekk 38,0 mill. kr. til utstyr av alle slag, hus o. a. og 14,8 mill. kr. var utgifter til vøling. I tabellane XV og XVI er utgiftene til dei einskilde investeringspostane spesifiserte for kvart fylke.

Utgiftene til nyinvesteringar har minka noko sidan 1954, då dei var på det høgste, medan utgiftene til vøling har auka jamt sidan 1949 då oppgåver over investeringane vart medtekne fyrste gongen. Ein skal elles vera merksam på at tala for nybygg kan visa sprang fra år til år av di sume meieri ikkje gjev oppgåve over byggkostnadene før heile byggearbeidet er ferdig.

I investeringssummane er medrekna løn til eigne folk for arbeid med montering og vøling. For arbeid med maskinar, transportmiddel, inventar o. a. var løna til eigne folk i 1956 kr. 1 632 759, og for arbeid med hus o. a. var løna kr. 1 235 294. Til kjøp av nye maskinar, produserte i Noreg, er brukt kr. 8 909 828. Pr. 1. januar 1957 var det betalt kr. 409 295 i forskot på maskinar tinga utlands, men ikkje mottekne til den tid.

Tabell 39. Investeringar i 1956.

	Utgifter til alle slag utstyr, hus, byggearbeid o. a.	Utgifter til vøling	I alt	Av dette til kjøp av brukte maskinar, bilar o. a. og hus tidlegare nyttta av andre
Maskinar, maskindelar, apparat og reiskapar som blir brukte gjennom fleire år, inklusive montasje				
a) for meieridrifta	18 685 520	8 315 908	27 001 428	126 536
b) for anna verksemd	2 760 222	472 708	3 232 930	4 000
Bilar	2 702 605	1 857 427	4 560 032	72 397
Andre transportmiddel	130 009	74 986	204 995	6 300
Inventar og kontormaskinar ..	1 040 646	103 084	1 143 730	1 150
Hus for meierifolka ..	1 117 440	181 040	1 298 480	—
Sosiale velferdsføremål	153 686	36 272	189 958	—
Meieri-, lager- og kontorbygg ..	10 657 863	3 639 194	14 297 057	5 000
Anna industriell verksemd	184 607	40 579	225 186	—
Tomter og annan naturherlegdom	569 786	41 357	611 143	—
I alt investeringar 1956	38 002 384	14 762 555	52 764 939	215 383
—»— 1955	40 331 590	14 581 452	54 913 042	256 870
—»— 1954	43 883 671	12 629 376	56 513 047	386 646
—»— 1953	37 390 125	12 603 253	49 993 378	139 423

V. Partskapital og realkapital ved utgangen av 1956.

Oppgåver over partskapital, branngrygdeverd av bygningar og utstyr, verd av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel, lager av meierivarar og full verd av ikkje trygda fast eigedom som tomter, fossar m. v. er tidlegare innhenta i 1949 og 1953. Oppgåvene for 1949 er prenta i Statistiske meldinger 1951 nr. 3 og oppgåvene for 1953 er prenta i Meieribrukets i Noreg 1953. Tidlegare var det til meieristatistikken innhenta oppgåver over branngrygdeverd av meieria utanom verd av lager for åra 1925, 1926, 1930 og 1935. For alle meieria var samla branngrygdeverd etter desse oppgåvene i alt omlag 60 mill. kr. Det var små endringar i summane frå det eine året til det andre. Oppgåvene over branngrygdeverd for desse åra er medtekne i statistikken for det einskilde året.

I dei eldre oppgåvene over meieridrifta bygd på materiale frå «Amtmændenes Femaarsberetninger» er det gjevi nokre opplysningar om meieria sitt

rekneskapsverde kvart femte år fra 1900 fram til 1920. Desse oppgåvene var dverre ikkje fullstendige av di det vanta opplysningar om verdet av ysteria.

Alle oppgåver i denne bolken gjeld tidspunktet ved utgangen av året.

Partskapitalen ved meieria var i 1956 33,6 mill. kr. mot 31,6 mill. kr. i 1953. Av dei einskilde fylka er det berre Vestfold, Rogaland, Hordaland og Nord-Trøndelag som har mindre partskapital i 1956 enn i 1953. Av desse er det serleg stor nedgang i Rogaland, der partskapitalen har minka frå kr. 1 439 000 til kr. 917 000, eller ein nedgang på 36,3 prosent. Dette kjem av at mange meieri har betalt partskapitalen attende og at leverandørane i staden er medeigarar i meieriet i forhold til levert mjølk dei siste 5 åra. Ein skal elles vera merksam på at alle parteigarar i dei store sentralmeieria i Oslo og Bergen er registrert i Akershus og Hordaland. Dette fører til at oppgåvene viser noko for høg partskapital på desse fylka og tilsvarande noko for lage tal i Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold og Sogn og Fjordane.

Branntrygdeverd av bygningar var i 1956 254,0 mill. kr. mot 193,3 mill. kr. i 1953. Dette er ein auke på 60,7 mill. kr. eller 31,4 prosent. For transportmiddel, maskinar, verkty og inventar har branngrygdeverket auka frå 132,0 mill. kr. i 1953 til 187,1 mill. kr. i 1956 eller med 55,1 mill. kr. svarande til 41,7 prosent.

Full trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai var i 1956 oppgjevi til 0,8 mill. kr. mot 2,7 mill. kr. i 1953, og verd av tomter og fossar m. v. til 4,7 mill. kr. i 1956 mot 2,3 mill. kr. i 1953. For begge postane saman i alt 5,7 mill. kr. i 1956 mot 5,0 mill. kr. i 1953.

Verd av lager av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel var i 1956 oppgjevi til 5,7 mill. kr. mot 4,9 mill. kr. i 1953. Vidare er verd av eigne produkt på lager utrekna til 39,4 mill. kr. mot 13,3 mill. kr. i 1953.

Tabell 40. Partskapital og realkapital ved utgangen
av 1956, 1953 og 1949 i 1000 kroner.

	31/12 1956	31/12 1953	31/12 1949
Partskapital	33 591	31 584	25 157
Branngrygdeverd av:			
Bygningar	253 972	193 342	97 514
Transportmiddel, maskinar, verkty, reiskapar og inventar	187 064	131 979	61 151
Trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai	800	2 658	5 710
Verd av tomter, fossar m. v.	4 651	2 302	
Verd av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel på lager	5 651	4 891	11 878
Lager av eigne produkt	39 442	13 342	
I alt	491 580	348 514	176 253

Samla verd av bygningar, utstyr og annan fast eigedom, innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel og lager av eigne produkt skulle etter dette vera 491,6 mill. kr. ved utgangen av 1956 mot 348,5 mill. kr. ved utgangen av 1953.

I tabell XVII er det oppgåver over parts- og realkapital i dei einskilde fylka.

VI. Det maskinelle utstyret ved utgangen av 1956.

Tidlegare er meir fullstendige granskingar av det maskinelle utstyret ved meieria berre utført i 1939 og 1953. Resultatet av granskinga i 1939 er prenta i Statistiske Meddelelser 1941, nr. 3, 4 og 5, medan resultatet av granskinga i 1953 er prenta i Meieribrukets i Noreg 1953.

Til statistikken over det maskinelle utstyret har ein fått oppgåver fra 257 meieri og 84 samlestasjonar. Det er såleis 2 meieri og 36 samlestasjonar som ikkje har gjeve oppgåver. Nokre av desse slutta drifta i året og skulle såleis ikkje vera med. Ein skal elles opplysa at dei einskilde avdelingane til Bergensmeieriet er rekna saman med hovudmeieriet som ei oppgåve. For Trøndermeieriet og avdelingane til det, er det rekna som ei oppgåve for kvart av Trønderfylka. Det er berre ved deling av oppgåvene etter storleiken at dette har noko å sei. I alle oppgåvene over det maskinelle utstyret er oppgåvene for dei vanlege meieria og samlestasjonane haldne kvar for seg både i fylkestal og etter storleiksgrupper. Ved deling i storleiksgrupper har ein nytta same grunnlag som i kapitel III: «Driftsforma ved dei einskilde meieria», nemleg samla mjølkeomsetnad ved meieriet.

Damp- og varmeverk, kraftmaskinar og kjøleanlegg.

I tabell XVIII er det gjevi spesifiserte oppgåver over damp- og varmeverk, kraftmaskinar og kjøleanlegg ved utgangen av 1956 for dei einskilde fylka og etter storleiksgrupper.

D a m p - o g v a r m e v e r k .

Ved dei 257 meieria med oppgåver var det i alt 295 høgtrykkskjelar med ei samla heiteflate på 18 066 m², 27 lågtrykkskjelar med ei samla heiteflate på 663 m² og 14 elektrokjelar med ein samla storlek på 11 310 kW. Ved dei 84 samlestasjonane med oppgåver var det i alt 29 høgtrykkskjelar med 665 m²

Tabell 41. Dampkjelar, kjeletypar, gjennomsnittleg heiteflate, og fyringsmåtar i 1939, 1953 og 1956.

Kjeletypar og fyringsmåtar	1939	1953		1956	
	Dampkjelar i alt	Dampkjelar i alt	Gjennomsnittleg heiteflate m ²	Dampkjelar i alt	Gjennomsnittleg heiteflate m ²
Høgtrykkskjelar i alt	303	312	53	324	58
Av desse:					
Røykroyrkjelar	263	43	258	51
Vassrøyrkjelar	14	120	22	89
Fyrgangsroykrøyrkjelar	35	90	44	85
Lågtrykkskjelar	126	86	16	48	23
Høgtrykkskjelar med handfyring	136	..	68	..
» stokeranlegg	34	..	43	..
» oljefyring	142	..	213	..
Lågtrykkskjelar med handfyring	67	..	16	..
» stokeranlegg	1	..	—	..
» oljefyring	18	..	32	..

heiteflate, 21 lågtrykkskjelar med 416 m² heiteflate og 4 elektrokjelar med ein storleik på 1 054 kW. Dette gjev som gjennomsnittleg heiteflate for dampkjelane ved meieria: 61 m² for høgtrykkskjelar og 25 m² for lågtrykkskjelar, medan gjennomsnittet ved samlestasjonane berre blir 23 m² for høgtrykkskjelar og 20 m² for lågtrykkskjelar. Ser ein på grupperinga etter storleiken vil ein finna at dei store verksemdene har langt større høgtrykkskjelar enn dei små, medan skilnaden på lågtrykkskjelane er liten.

I tabell 41 har ein oppgåver over høgtrykkskjelane delt etter kjeletypar og fyringsmåtar og oppgåver over lågtrykkskjelane delt etter fyringsmåtar.

Av dei 295 høgtrykkskjelane ved meieria med ei samla heiteflate på 18 066 m², var det 234 røykrøykjelar med ei samla heiteflate på 12 538 m², 18 vassrøykjelar med ei samla heiteflate på 1 847 m² og 43 fyrgangsrøykrøykjelar med ei samla heiteflate på 3 681 m². Gjennomsnittleg storleik for alle høgtrykkskjelane var altså 61 m², medan gjennomsnittet for røykrøykjelane var 54 m², for vassrøykjelane 103 m² og for fyrgangsrøykrøykjelane 86 m². Av høgtrykkskjelane ved samlestasjonane var det 22 røykrøykjelar, 6 vassrøykjelar og 1 fyrgangsrøykrøykjel.

Delinga etter fyringsmåtar viser for høgtrykkskjelane ved meieria at handfyring vart nytta for 50 kjelar eller 16,9 prosent av alle, 40 kjelar eller 13,6 prosent hadde stokeranlegg og 205 kjelar eller 69,5 prosent hadde oljefyring. Av dei 29 høgtrykkskjelane ved samlestasjonane var det handfyring for 18 kjelar, 3 hadde stokeranlegg og 8 oljefyring. Av lågtrykkskjelar ved meieria var det 5 med handfyring og 22 med oljefyring, medan samlestasjonane hadde 11 lågtrykkskjelar med handfyring og 10 med oljefyring.

Samanlikna med 1953 finn ein ved meieria i 1956 fleire og større høgtrykkskjelar. Det er serleg vassrøy- og fyrgangsrøykrøykjelar det er blitt fleire av. Derimot er det av lågtrykkskjelar berre 27 i 1956 mot 33 i 1953. Elles er det serleg å merka seg at oljefyring er nytta mykje meir no enn før. Ved meieria var det i 1956 såleis 205 høgtrykkskjelar og 22 lågtrykkskjelar med oljefyring mot 139 og 15 i 1953. Ved samlestasjonane er det og blitt montert mange oljefyringsanlegg. Elles er oppgåvene for samlestasjonane lite samanliknbare med oppgåver i 1953 av di talet på samlestasjonar har gått sterkt ned siden 1953 og av di mange av dei ikkje har gjevi oppgåver for 1956.

Kraftmaskinar.

Nokre av dei mindre meieria har ikkje installert noko slag kraftmaskinar, men talet aukar sterkt med storleiken både ved meieri og samlestasjonar.

I alt er det installert 12 225 elektromotorar med ei samla yteevne på 29 521 kW. Av desse var det 11 592 motorar med 28 154 kW ved meieri og 633 motorar med 1 367 kW ved samlestasjonar. Av dampmaskinar var det i alt 14 med til saman 426 eff. hk. Av desse var 1 med 4 eff. hk. ved ein samlestasjon. Vidare var det installert 15 forbrenningsmotorar på i alt 683 eff. hk. Av desse var 1 på 6 eff. hk. ved ein samlestasjon. Elles var det 3 vassturbinar på i alt 55 eff. hk., alle ved meieri, og 22 elektrogeneratorar på i alt 803 eff. hk. Av desse var 1 på 25 eff. hk. ved ein samlestasjon.

Gjennomsnittstorleiken på elektromotorane er vel 2,4 kW mot 3,1 kW i 1953. Meieria over 5 000 tonn har i medeltal noko større motorar enn dei mindre verksemdene, men gjennomsnittet har gått ned frå 4,0 kW i 1953 til 2,8 kW i 1956.

Gjennomsnittstorleiken av dampmaskinane er 30,4 eff. hk. mot 34 eff. hk. i 1953, og for forbrenningsmotorane er gjennomsnittet 45,5 eff. hk. mot 42,5 eff. hk. i 1953. Vassturbinane, som høyrer heime i Hordaland og Sogn og Fjordane, har ein medel på 18,3 eff. hk. og elektrogeneratorane har ein medel på 36,5 eff. hk. mot 30,6 eff. hk. i 1953.

Tabell 42. Kraftmaskinar ved meieria i 1939, 1953 og 1956.

	1939		1953		1956	
	Tal	Gj. sn. yteevne	Tal	Gj. sn. yteevne	Tal	Gj. sn. yteevne
Elektromotorar	3 876	HK ¹ 4,8	9 987	HK 13,1	12 225	HK ¹ 2,4
Dampmaskinar	118	19,2	26	34,0	14	30,4
Forbrenningsmotorar	24	9,9	20	42,5	15	45,5
Vassturbinar	15	11,3	5	12,4	3	18,3
Elektrogeneratorar	—	—	23	30,0	22	36,5

¹ For elektromotorar er yteevna oppgjevi i kW.

Samanlikna med oppgåvene i 1939 og 1953 syner det seg at talet på elektromotorar har auka sers mykje, medan talet på andre kraftmaskinar har gått ned. Det var i 1939 installert 3 576 elektromotorar, i 1953 var det 9 987 og i 1956 altså 12 225. Samstundes har medelstorleiken gått ned fra 4,8 kW i 1939 til 3,1 kW i 1953 og 2,4 kW i 1956.

Kjøleanlegg.

I dei fylgjande oppgåvene over yteevna i kcal/h er denne rekna ved — 10/+ 25° for lakekjøling, isvatnkjøling og kjøling med direkte fordampingskjølar, medan yteevna for direkte fordampingsfrysar og frostboksanlegg gjeld ved — 28/+ 25°.

I 1956 var talet på kompressorar med lakekjøling i alt 112 med ei samla yteevne på 3 786 500 kcal/h. Av desse var det 92 kompressorar med ei samla yteevne på 3 427 500 kcal/h ved meieri og 20 kompressorar med ei samla yteevne på 359 000 kcal/h ved samlestasjonar. Grupperinga etter storleiken av meieria syner at dei store meieria har mykje større kompressorar enn dei små. Sjå tabell XVIII.

Med isvatnkjøling var det i alt 249 kompressorar med ei samla yteevne på 7 065 500 kcal/h. Av desse var det ved meieri 207 kompressorar med ei yteevne på 6 406 900 kcal/h og ved samlestasjonane 42 kompressorar med ei yteevne på 658 600 kcal/h.

